Askvoll
KOMMUNE

ÅRSMELDING
OG
REKNESKAP
2022

Innhald:

1. INNLEIING ... 3
2. DRIFTSREKNESKAPEN ... 4
2.1 Resultatoversikt 2022 ... 4
2.2 Resultatutvikling dei siste åra ... 5
2.2.2 Budsjett ... 6
2.2.3 Tertialrapportering ... 6
2.2.4 Resultat 2022 på ansvar : ... 7
2.3 Grafisk oversikt over driftsinntekter og driftsutgifter ... 7
2.5 Momskompensasjon ... 10
2.6 Pensjon ... 10
2.7 Tilskot ressurskrevjande brukarar ... 11
2.8 Anordningsprinsippet ... 11
2.9 Sjølvkost ... 11
2.10 Langsiktig gjeld ... 15
2.11 Forklaring til avvik på hovudoversikter – drift ... 15
3. INVESTERINGSREKNESKAPEN ... 16
3.1 Investeringar ... 16
3.2 Avslutting investeringsrekneskap ... 17
3.3 Forklaring til avvik på hovudoversikter – investering ... 18
4. ARBEIDSKAPITAL OG LIKVIDITET ... 19
4.1 Arbeidskapital ... 19
4.2 Likviditet ... 19
5. AVVIK MELLOM REKNESKAP OG BUDSJETT ... 20
5.1 Sentraladministrasjonen – ansvar 100 ... 20
5.2 Oppvekst – ansvar 200-280 ... 22
5.3 NAV – ansvar 355 ... 27
5.4 Barneverntenesta – ansvar 360 ... 28
5.5 Helse og omsorg – ansvar 400-470 ... 29
5.6 Felles landbrukskontor Askvoll, Fjaler og Hyllestad – ansvar 510 ... 34
5.7 Teknisk drift – ansvar 640 ... 35
5.8 Brann og redning – ansvar 650 ... 37
5.9 Bygg og eigedomsavdelinga-ansvar 660 ... 38
5.10 Driftssentralen-ansvar 670 ... 41
5.11 Finansielle føremål – ansvar 900 ... 42
6. FINANSIELLE NØKKELTALL ... 44
7. LIKESTILLING – MANGFALD - DISKRIMINERING ... 45
7.1 Status og planlagde tiltak på likestilling ... 45
7.2 Mangfald og diskriminering ... 46
7.3 Internkontroll og etikk ... 46
8. MÅLOPPNÅING ... 47
9. FULLSTENDIGHEITSERKLÆRING ... 51
10. REKNESKAP ... 53
10.1 Noter ... 53
10.2 Økonomisk oversikt – drift §5-6 ... 63
10.3 Løyvingsoversikt – drift §5-4, 1 ledd ... 64
10.4 Løyvingsoversikt – drift §5-4, 2 ledd ... 65
10.5 Løyvingsoversikt – investering §5-5, 1 ledd ... 66
10.6 Løyvingsoversikt – investering §5-5, 2 ledd ... 67
10.7 Balanse ... 69
10.8 Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar §5-9 ... 70

1. INNLEIING

Årsmeldinga presenterer og analyserer kommunen si utvikling, spesielt dei faktorar som påverkar resultat og finansiell stilling.
Framstillinga skal hjelpe brukarane til å kunne vurdere kommunen si historiske og framtidige utvikling.
Askvoll kommune si årsmelding for 2022 tek i hovudsak føre seg den økonomiske sida av drifta. Hovudbodskapen i meldinga er korleis tildelte midlar har vorte nytta, og ei forklaring der det er større avvik, samt økonomisk status pr. 31.12.22

Årsmeldinga vil seinare bli følgt opp med ein årsrapport som seier noko om trendar og utvikling av tenestetilbodet i kommunen. Årsrapporten vert lagt fram for kommunestyret i same møte som årsmeldinga.

Rekneskap og årsmelding er utarbeida i samsvar med kommunelova §14-6 og §14-7. Informasjon ut over krava i kommunelova er å finne i årsrapporten. Dette for å skilje kva som er pliktig informasjon etter lov og forskrift, og kva som er ”anna” informasjon.

Askvoll, 31. mars 2023

Martin Kramprud Lundgård
-Kommunedirektør-

Nina Haugstad
-Økonomisjef-

2. DRIFTSREKNESKAPEN

For fullstendig talmateriale sjå løyvingsoversikt §5-4, 1 og 2 ledd, og notar.

2.1 Resultatoversikt 2022

Økonomisk oversikt - drift § 5-6	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap
	2022	2022	2022	2021
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	130 294 274	128 827 000	141 627 000	138 891 612
2 Inntekts- og formuesskatt	112 034 036	102 392 000	86 692 000	93 436 153
3 Eiendomsskatt	8 181 611	8 242 000	8 242 000	7 721 663
4 Andre skatteinntekter	236 735	227 000	227 000	236 735
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	40 011 447	28 800 000	23 550 000	16 230 133
6 Overføringer og tilskudd fra andre	48 961 877	36 299 879	36 299 879	52 966 614
7 Brukerbetalinger	13 194 825	11 871 786	11 871 786	12 804 313
8 Salgs- og leieinntekter	24 192 874	22 652 168	22 726 168	20 781 862
9 Sum driftsinntekter	**377 107 679**	**339 311 833**	**331 235 833**	**343 069 085**
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	201 665 564	199 702 522	193 839 533	193 093 308
11 Sosiale utgifter	41 954 396	44 869 349	44 691 118	40 788 907
12 Kjøp av varer og tjenester	85 669 094	66 751 714	62 688 535	78 084 766
13 Overføringer og tilskudd til andre	26 566 753	18 251 648	13 612 817	16 496 316
14 Avskrivninger	15 939 372	15 000 000	15 000 000	14 771 501
15 Sum driftsutgifter	**371 795 179**	**344 575 233**	**329 832 003**	**343 234 799**
16 Brutto driftsresultat	**5 312 500**	**-5 263 400**	**1 403 830**	**-165 714**
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	1 568 094	1 548 000	1 048 000	708 804
18 Utbytter	1 170 488	1 900 000	1 900 000	1 879 271
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0
20 Renteutgifter	8 314 810	8 000 000	6 100 000	3 679 487
21 Avdrag på lån	13 812 596	13 800 000	13 000 000	12 700 000
22 Netto finansutgifter	-19 388 824	-18 352 000	-16 152 000	-13 791 412
23 Motpost avskrivninger	15 939 372	15 000 000	15 000 000	14 771 501
24 Netto driftsresultat	**1 863 048**	**-8 615 400**	**251 830**	**814 375**
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	0	0	0	180 000
26 Avsetninger til bundne driftsfond	885 085	22 500	22 500	3 844 950
27 Bruk av bundne driftsfond	-4 433 247	-2 428 670	-2 178 670	-2 889 693
28 Avsetninger til disposisjonsfond	5 411 210	0	2 408 000	0
29 Bruk av disposisjonsfond	0	-6 209 230	0	-320 882
30 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	**1 863 048**	**-8 615 400**	**251 830**	**814 375**
32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0

2.2 Resultatutvikling dei siste åra

(Tal i tusen)

År	**2022**	**2021**	**2020**	**2019**	**2018**	**2017**	**2016**	**2015**	**2014**
Brutto driftsinntekt	-377 108	-343 069	-336 615	-315 807	-323 262	-297 172	-277 109	-260 229	-248 406
Utgifter inkl. avskrivingar	371 795	343 235	328 549	316 304	309 586	286 893	266 215	249 313	241 316
Brutto driftsresultat	**-5 313**	**166**	**-8 066**	**497**	**-13 676**	**-10 279**	**-10 893**	**-10 916**	**-7 090**
Brt. Res. I % av brt. Driftsinntekt		-0,05	2,40	-0,16	4,23	3,46	3,93	4,19	2,85
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-2 739	-2 588	-3 307	-2 931	-1 955	-2 202	-1 771	-1 756	-2 675
Mottekne avdrag på lån *	0	0	0	-48	-125	-114	-70	-79	-34
Sum finansinntekter	**-2 739**	**-2 588**	**-3 307**	**-2 979**	**-2 080**	**-2 316**	**-1 841**	**-1 835**	**-2 710**
Renteutg., provisjon o.a. finansutg.	8 315	3 679	4 340	5 449	4 039	4 375	4 134	4 477	5 355
Avdragsutgifter	13 813	12 700	11 672	10 823	10 150	9 920	9 110	7 955	7 828
Utlån *	0	0	0	9	82	24	108	44	160
Sum finansutgifter	**22 128**	**16 379**	**16 012**	**16 281**	**14 271**	**14 319**	**13 353**	**12 477**	**13 344**
Brutto driftsresultat	-5 313	166	-8 066	497	-13 676	-10 279	-10 893	-10 916	-7 090
Finansinntekter	-2 739	-2 588	-3 307	-2 979	-2 080	-2 316	-1 841	-1 835	-2 710
Finansutgifter	22 128	16 379	16 012	16 281	14 271	14 319	13 353	12 477	13 344
Motpost avskrivningar	-15 939	-14 771	-14 239	-12 786	-12 029	-11 461	-11 156	-9 619	-9 438
Netto driftsresultat	**-1 863**	**-814**	**-9 600**	**1 013**	**-13 515**	**-9 737**	**-10 537**	**-9 893**	**-5 894**
Nto. Resultat i % av brt. Driftsinntekt	0,49	0,24	2,85	-0,32	4,18	3,28	3,80	3,80	2,37
Netto driftsresultat	-1 863	-814	-9 600	1 013	-13 515	-9 737	-10 537	-9 893	-5 894
Bruk av avsetningar	-4 433	-3 210	-6 160	-9 034	-10 753	-9 206	-9 653	-7 896	-3 068
Avsetningar	6 296	4 024	15 760	5 459	20 572	11 270	12 496	10 386	3 868
Mindreforbruk **	**0**	**0**	**0**	**-2 562**	**-3 696**	**-7 673**	**-7 694**	**-7 403**	**-5 094**

*) F.o.m. år 2020 skal sosiale utlån inngå i brutto driftsresultat, og ikkje i netto finansutgifter
**) F.o.m. år 2020 skal ikkje rekneskapen vise mindreforbruk . Dersom ein har disposisjonsfond skal rekneskapen heller ikkje vise meirforbruk.

Tabellen over viser resultat utviklinga frå 2014 til 2022. I 2022 har Askvoll kommune eit netto driftsresultat på kr. 1 863 048,- noko som er 0,49% av driftsinntektene.
Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) har gjort berekningar som syner at netto driftsresultat for kommunane bør liggje på om lag 1,75 prosent av inntektene for at formuesbevaringsprinsippet skal vere oppfylt. Det vil seie at kommunen skal vere i stand til å setje av midlar til framtidig bruk og til eigenfinansiering av kommunale investeringar. Askvoll kommune sitt netto driftsresultat svingar, men låg i åra 2014 til 2020 over anbefalingane frå TBU, med unntak for 2019. For 2021 og 2022 ligg ein under anbefalingane. Stortinget oppretta eit havbruksfond i 2015, med første utbetaling i 2017. Utbetaling frå havbruksfondet svingar p.g.a. auksjonar som er anna kvart år, dette er mykje av årsaka til det svake resultatet i 2019 og 2021.

I revidert budsjett var det i 2022 budsjettert med vel 6,2 mill. i bruk av disposisjonsfond. Skatteinngangen vart 9,6 mill. høgare enn budsjettert og rammetilskot 1,5 høgare enn budsjettert. Regjeringa innvilga 800 mill. ekstra til havbruksfondet , Askvoll kommune fekk da 8 mill. meir enn budsjetter for 2022. Dette bidrog til at ein kunne sette av 5,4 mill. til disposisjonsfond.

Oppsummering av meir/mindreforbruk pr. ansvar finn ein under punkt 2.2.4
I tillegg finn ein i kapittel 5 etatane si forklaring til meir/mindreforbruk.

2.2.2 Budsjett

Budsjett 2022 vart vedteke i balanse. Det vart vedteke å sette av 2,4 mill. til disposisjonsfond.

2.2.3 Tertialrapportering

Askvoll kommune har hatt to tertialrapporteringar i 2022.

1.tertialrapport viste eit meirforbruk i drifta og mindreforbruk på finansielle føremål. Opphavleg budsjett var «Korona fritt» dvs. det vart ikkje budsjettert med utgifter til Korona eller kompensasjon. I revidert nasjonal budsjett for 2022 låg det ikkje inne kompensasjon for Koronapandemien. Askvoll kommune hadde pr. 1 tertial utgifter knytt til Korona med vel 3,3 mill. kr. Det meste knytt til KS-avtalen som vart inngått med lokale fagforbund. Prognosen for rammetilskot og skatt viste 2,9 mill. kr meir i frie inntekter enn budsjettert. Denne endringa vart lagt inn i budsjettet. Busetjing av nye flyktningar viste auka statstilskot på ca. 5,1 mill. kr. ført under ansvar 900 og auka utgifter på sentraladministrasjonen på 1,7 mill. kr. Budsjettert utbytte på 1,9 mill. kr. vart flytta frå ansvar 100 til 900. Rentekostnaden vart auka i budsjettet med 0,7 mill. kr og renteinntektene auka med 0,2 mill. kr. Tilskot og lån til Bulandet og Værlandet fleirbrukshall vart lagt inn i budsjettet med totalt 4,6 mill. kr. Oppvekst fekk auka ramma med 2 mill. kr. til å dekka ekstra kostnader i forbindelse med ressurskrevjande tiltak innan skulesektoren. Helse og omsorg fekk auka budsjettet med 1 mill. kr.- som skulle gå til drift av legevaktsatelitt og innleige av personell. Teknisk drift fekk auka ramma til vegvedlikehald med 0,5 mill. kr. og bygg og eigedom fekk auka ramma til vedlikehald med 0,5 mill. kr til å dekke tapte husleigeinntekter på omsorgsbustadar og generelt meirforbruk.

2. tertial viste framleis meirforbruk i drifta og behov for midlar under finansielle føremål. Budsjettert minimumsavdrag på lån blir auka med 0,8 mill. kr. Rentekostnad blir justert opp med 1,2 mill. kr og renteinntektene justert opp med 0,3 mill. kr. Som fylje av auka styringsrente kan ein auke rentekompensasjon med kr. 150 000,- og brukt av VA fond med 250 000,- Sal av konsesjonskraft vart lagt inn i budsjettet med 0,5 mill. kr.
Oppvekst fekk auka ramma med 1 mill. kr til å dekke utgifter i forbindelse med busetjing av flyktningar og etablering av mellombels lokale til bibliotek. I tillegg fekk oppvekst 0,7 mill. kr til dekking av innkjøp av lærebøker. Helse og omsorg si ramme vart auka med 2 mill. kr. som skulle gå til å dekke kostnader med legevikar og anna vikarbruk.
Brann og redning fekk auka budsjettet med 100 000. Bygg og eigedom fekk auka ramma med 0,6 mill. kr. som skulle dekke sviktande gebyr inntekter og vedlikehald av kommunale bygg. I tillegg vart ramma auka med til å dekke sommarjobb for ungdom/vedlikehald.
Teknisk drift si ramme vart auka med 0,3 mill. kr jf. vedtak om rehabilitering av klatreparken på Øyra. Driftsrammene hadde pr. 2 tertial utgifter knytt til Korona på til saman 4,7 mill. kr. Det var pr. 2 tertial ikkje lagt inn kompensasjon for Korona i rammetilskotet og det vart difor ikkje tilført driftsrammene midlar til å dekke desse utgiftene.

2.2.4 Resultat 2022 på ansvar :

Rammeområdet	Regnskap	Budsjett	Mindre/meirforbruk
Sentraladministrasjonen - ansvar 100	29 181 228	27 354 278	1 826 950
Oppvekst - ansvar 200-280	94 041 900	91 020 776	3 021 124
NAV - ansvar 355	5 772 996	5 829 424	-56 428
Barnevern - ansvar 360	7 980 337	7 097 408	882 929
Helse- og omsorg - ansvar 400-470	118 579 853	114 370 087	4 209 766
Landbruksforv. for Askvoll/Fjaler/Hyllestad-ansvar 510	2 102 685	2 393 771	-291 086
Teknisk drift - ansvar 640	10 198 610	9 333 843	864 767
Brann og redning - ansvar 650	4 306 917	3 692 041	614 876
Bygg- og eigedomsavdeling - ansvar 660	6 638 092	6 252 211	385 881
Driftssentralen - ansvar 670	5 991 947	6 044 181	-52 234
Sum drift ansvar 100-670	**284 794 565**	**273 388 020**	**11 406 545**
Finansielle føremål - ansvar 900	**284 794 565**	**273 388 020**	**11 406 545**

Etatane si forklaring til meir/mindreforbruk finn ein under kapittel 5

2.3 Grafisk oversikt over driftsinntekter og driftsutgifter

Driftsinntekter (MNOK):



Oversikta ovanfor syner Askvoll kommune sine driftsinntekter frå 2018 til 2022.
Totalt sett auka driftsinntekter med 34 mill. kr. frå 2021 til 2022.
Skatteinntektene har auke med vel 18,6 mill. kr, og medan det er ein nedgang i rammetilskot med 8,6 mill. kr. Andre overføringar har auke med 23,8 mill. kr. Her blir havbruksfondet ført, det svingar mykje i utbetaling frå år til år. I 2022 fekk Askvoll kommune utbetalt 23 mill. kr frå havbruksfondet mot 7,3 mill. kr. i 2021.

Rammetilskot og skatteinntekter utgjer 64,3 % av driftsinntektene i 2022.

Fordeling av inntektene i 2022:



***Driftsutgifter*:**



Oversikta over viser Askvoll kommune sine driftsutgifter frå 2018 til 2022.
Løn og sosiale utgifter utgjer 65,5% av dei totale driftsutgiftene til kommunen i 2022.
Driftsutgiftene totalt auka med 28,5 mill. kr. frå 2021 til 2022, det er ein auke på ca. 8,3%
Lønsutgifter inkl. sosiale utgifter har auka med til saman 9,7 mill. kr. Kjøp av varer og tenester auka med 7,6 mill. kr. Overføringar og tilskot til andre auka med 10 mill. kr. Resten av auken er avskrivingar på vel 1 mill. kr.
Det er utgiftsført utgifter knytt til Korona med 4,87 mill. kr., der det meste er løn og sosiale utgifter.

Utgiftsfordeling 2022:



2.4 Frie inntekter frå staten
Frie inntekter består av rammetilskot og skatteinntekter. Frie inntekter er hovudfinansieringskjelda for driftsrammene, og utgjer om lag 2/3 av kommunesektoren sine samla inntekter. Dette er inntekter som kommunane kan rå fritt over, utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og regelverk.

Rammetilskot og skatt:



Tabellen over viser endringar i rammetilskot og skatt frå 2018 til 2022.
Rammetilskotet minka frå 2021 til 2022 med 8,6 mill. kr, og skatt auka med 18,6 mill. kr. Total auke var på 10 mill. kr. Rammetilskotet vart redusert i statsbudsjettet med 1,3 mill. kr. som fylgje av økt skatteanslag. I rammetilskotet vart det kompensert for utgifter kommunane hadde til Korona, for Askvoll kommune utgjorde dette 4,48 mill. kr.

2.5 Momskompensasjon

Frå og med 2004 har kommunane fått kompensert om lag all moms som vert betalt ved kjøp av varer og teneste frå andre. Mva kompensasjonen blir refundert frå skatteetaten anna kvar månad. Askvoll kommune fekk refundert 7,68 mill. kr i driftsrekneskapen og 6,85 mill. kr. i investeringsrekneskapet i 2022.

2.6 Pensjon

Det er eit krav at alle tilsette i kommunar skal vere dekka av ei tenestepensjonsordning i tillegg til folketrygda. Finansieringa av pensjonsordninga skjer dels ved innskot frå arbeidsgjevar og dels frå arbeidstakar.
Arbeidstakar sin del er 2% av brutto løn, medan arbeidsgjevar sin del i 2022 har vore 13,2% av brutto løn til KLP for fellesordninga og sjukepleiarordninga. Statens Pensjonskasse (SPK – lærarar) har vore utgiftsført med 8,47 %

Pensjonskostnadane vert berekna på grunnlag av forskrift fastsett av Kommunaldepartementet (endra med verknad frå 2005). Den enkelte kommune sin årlege

innbetalte premie vert kopla til pensjonskostnadane ved utrekning av det årlege premieavviket. Dette kjem fram ved å trekke pensjonskostnaden og pensjonsleverandøren sine administrasjonskostnader frå premieinnbetalinga. Eit positivt premieavvik skal inntektsførast, medan eit negativt premieavvik skal utgifts førast. For å jamne ut svingingane i pensjonskostnadane over tid , har Askvoll kommune til og med 2010 fordelt premieavviket over 15 år. Endringar i regelverket seier at amortiseringstida (tilbakebetalingstida) frå og med 2011 skulle vere 10 år, frå 2014 vart dette redusert til 7 år. For Askvoll kommune var det eit positivt premieavvik (inntekt) inkl. arbeidsgjevaravgift på kr. 8 003 283,- for KLP, og kr. 369 666,- for SPK i 2022.
Fordeling av tidlegare års premieavvik over 7 år (amortisering) har medført ei utgiftsføring på 3 637 995,- kr. totalt inkl. arbeidsgjevaravgift for både KLP og SPK i 2022.
Premieavviket i 2022 er ført på teneste 17000 og fordeling av tidlegare års premieavvik er ført på teneste 17100, alt under ansvar 900 – finansielle føremål. Netto set ein igjen med ei inntekt på kr. 4 734 954,- på desse to tenestene for 2022. Akkumulert premieavvik pr. 31.12.2022 er på vel 16,5 mill. kr. inkl. arbeidsgivaravgift. Sjå note nr.11
Premiefond er eit fond for tilbakeført premie og overskot i KLP. Midlar frå premiefondet kan brukast til framtidige premiebetaling. Askvoll kommune brukte 9 mill. av premiefondet til å betale pensjonspremien i KLP i 2022. Sjå oversikt note i note 11.
Askvoll kommune har i 2022 betalt kr 765 652,- i eigenkapitalinnskot til KLP. Dette er utgiftsført i investeringsrekneskapen.
Totalt eigenkapitalinnskot i KLP pr. 31.12.22 er om lag 12,1 mill. kroner.

2.7 Tilskot ressurskrevjande brukarar

Det er bokført ca. 30 mill. kr. i utgifter knytt til ressurskrevjande brukarar i 2022 og det er bokført kr. 12 261 000,- i refusjon frå staten.
Kommunen må sjølv bære kostnad opp til innslagspunktet som for 2022 var kr. 1 526 000,- pr brukar, i tillegg til 20% eigendel. Staten si dekningsgrad er 80% av direkte lønnsutgifter som overstig innslagspunktet. For psykisk utviklingshemma som er 16 år og eldre, vert innslagspunktet auka med kr.789 000,- til kr.2 315 000
I tillegg står det i tildelingskriteria at dersom ein brukar premiefondet til å betale pensjonspremie, skal ein trekke ut den delen av premiefondet som er knytt til tilsette som yter ressurskrevjande tenester. I 2022 utgjorde dette vel kr. 870 000,-

2.8 Anordningsprinsippet

Anordningsprinsippet seier at ”alle kjente utgifter/utbetalingar og inntekter/innbetalingar i året skal takast med i årsregnskapet for vedkommande år, enten dei er betalt eller ikkje når årsregnskapet avsluttast”.
I desember 2022 vart det gjennomført ekstra lønskøyringar for å få med t.d. reiserekningar og andre lønsutgifter som høyrer til 2022.

2.9 Sjølvkost

Det er gjennomført berekning av sjølvkost (etterkalkyle) for vatn, avlaup, feiing, private planer, byggesak, oppmåling og utsleppsløyve og tilsyn av mindre avløpsanlegg.
Sjølvkost berekninga er gjort av rådgjevarselskapet Momentum Solutions

2.9.1 Etterkalkyle 2022 - Gebyrfinansierte sjølvkosttenester

Askvoll kommune har utarbeida etterkalkyler for gebyrfinansierte selvkosttenester i samsvar med "Forskrift om beregning av samlet selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer (selvkostforskriften)".
Kommunen nyttar modellen Momentum Selvkost Kommune for berekning av sjølvkost.

Kva er sjølvkost:

Sjølvkost inneber at kommunens kostnader med å yte tenestene blir dekt av gebyra som brukarane av tenestene betaler. Kommunen har ikkje høve til å tene pengar på tenestene. For å kontrollere at dette ikkje skjer må kommunen kvart år utarbeide ein sjølvkostkalkyle som viser sjølvkostrekneskapen for det enkelte gebyrområdet. Sjølvkostkalkylen skil seg frå kommunens ordinære driftsrekneskap på visse områder og dei to rekneskapane vil, som oppstillinga under syner, ikkje vere direkte samanliknbare.

Elementa i ein sjølvkostkalkyle:

Samla sjølvkost:
+ Direkte driftsutgifter
- Andre inntekter enn gebyrinntekter
+ Indirekte driftsutgifter (adm. utgifter)
+ Kalkulatorisk rentekostnad
+ Kalkulatorisk avskrivningskostnad
= Gebyrgrunnlag
- Gebyrinntekter
= Sjølvkostresultat*
** Sjølvkostresultatet førast mot sjølvkostfond og/eller memoriakonti i balansereknskapen.*

Driftsrekneskapen:
+ Direkte driftsutgifter
- Andre inntekter enn gebyrinntekter

Postane fins berre i sjølvkostkalkylen og utgjer m.a. sjølvkostområdenes bidrag til kommunekassens utgifter til renter og avdrag. Postane skal ikkje førast i driftsrekneskapen.

= Resultat før gebyrinntekter
- Gebyrinntekter
= Driftsresultat (alltid større enn selvkostresultat)

I sjølvkostkalkylen inngår rekneskapsmessige driftsinntekter, driftsutgifter eksklusiv rekneskapsmessige avskrivningar, kalkulatoriske avskrivningar og rentekostnader, samt indirekte driftsutgifter (administrasjonsutgifter).

Kalkulatoriske kapitalkostnader:
Ved berekning av kalkulatoriske kapitalkostnader (avskrivingar og renter) skal framandfinansiering trekkast ut av berekningsgrunnlaget. Kalkulatorisk rentekostnad inngår ikkje i kommunens driftsrekneskap, men representerer ein alternativ avkastning som kommunen går glipp av ved at kapital er bundne i anleggsmidlar. Den kalkulatoriske rentekostnaden bereknast med utgangspunkt i anleggsmidlanes gjenståande sjølvkostmessige verdi og ein kalkylerente.
Kalkylerenta er årsgjennomsnittet av 5-årig swap-rente + 1/2 %-poeng. I 2022 var denne lik 3,536 %.

Indirekte driftsutgifter og handtering av over- og underskot:
Selvkostforskrifta fastset regler for henføring av relevante utgifter til administrasjon som kan inngå i gebyrgrunnlaget. Videre er det bestemt at eventuelle overskot skal avsetjast til bunda sjølvkostfond. Eit overskot frå eit enkelt år skal tilbakeførast til brukarane i form av lågare gebyrer i løpet av ein periode på fem år. Ein generasjon brukare skal ikkje subsidiere neste generasjon, eller omvendt. Kostnadene ved tenestene som ytast i dag skal dekkes av dei brukarane som drar nytte av tenesten. Dette inneber at dersom kommunen har overskot som er eldre enn fire år, må dette i sin helhet gå til reduksjon av gebyrene det kommende

budsjettåret.Eksempelvis må eit overskot som stammer frå 2022 i sin heilskap vere disponert innen 2027.

Krav om utarbeiding av kalkyler:
I tillegg til å utarbeide ein etterkalkyle for kvar betalingsteneste må kommunen utarbeide forkalkyler i forkant av budsjettåret for å estimere drifts- og kapitalkostnader for neste økonomiplanperiode. Det er desse førehandskalkylane som gir grunnlaget for gebyrsatsane. Kommunen har som målsetjing at dei kommunale gebyra svingar minst mogeleg, men ein rekke faktorar er usikre, mellomanna framtidig kalkylerente, utvikling i brukartal og saksmengd.
Resultatet for 2022 var ikkje kjent ved budsjettarbeidet i haust. Dette forklarer avvik mellom prognosane i haust og nå ved etterkalkyle



Samla etterkalkyle2022

Etterkalkylene for 2022 er basert på rekneskap datert 16. februar 2023.

	Vatn	Avløp	Feiing		Totalt
Direkte driftsutgifter	5 189 354	2 168 953	1 138 414		8 496 721
Avskrivningskostnad	1 113 635	390 586	13 126		1 517 346
Kalkulatorisk rente (3,54 %)	919 141	491 462	20 970		1 431 574
Indirekte driftsutgifter (netto)	154 635	83 171	37 186		274 992
Indirekte avskrivningskostnad	12 190	10 192	226		22 609
Indirekte kalkulatorisk rente	16 119	13 803	12		29 934
Driftskostnader	**7 405 075**	**3 158 168**	**1 209 934**		**11 773 177**
+/- Korrigering av tidligere års feil i kalkyle	0	0	209 478		209 478
- Øvrige driftsinntekter	-69 557	-13 177	0		-82 734
Samla sjølvkost (Gebyrgrunnlag)	**7 335 518**	**3 144 991**	**1 000 456**		**11 480 965**
Gebyrinntekter	6 788 204	3 045 514	693 828		10 527 546
Sjølvkostresultat (Gebyrinntekter - gebyrgrunnlag)	**-547 314**	**-99 477**	**-306 628**		**-953 419**
Finansiell dekningsgrad i %	*93 %*	*97 %*	*69 %*		*92 %*
Sjølvkostfond 01.01	**684 495**	**1 084 929**	**400 905**		**2 170 329**
-/+ Bruk av/avsetning til sjølvkostfond	-547 314	-99 477	-306 628		-953 419
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad sjølvkostfond	14 527	36 604	8 755		59 886
Sjølvkostfond 31.12	**151 708**	**1 022 057**	**103 032**		**1 276 797**

Etterkalkyle sjølvkost 2022	Private planer	Byggesak	Oppmåling	Utsleppsløyve og tilsyn av mindre	Totalt
Direkte driftsutgifter	212 383	705 449	579 415	107 751	1 604 998
Indirekte driftsutgifter (netto)	32 841	47 437	38 343	5 586	124 207
Indirekte avskrivningskostnad	16 370	16 476	16 389	1 653	50 888
Indirekte kalkulatorisk rente	22 972	22 978	22 973	2 298	71 221
Driftskostnader	**284 566**	**792 340**	**657 120**	**117 288**	**1 851 314**
+ Tilskot/subsidiering	278 286	369 371	313 759	0	961 416
- Øvrige driftsinntekter	0	-1 799	-12 998	0	-14 797
Samla sjølvkost (Gebyrgrunnlag)	**284 566**	**790 541**	**644 122**	**117 288**	**1 836 516**
Gebyrinntekter	6 280	377 667	330 363	201 006	915 316
Sjølvkostresultat (Gebyrinntekter - gebyrgrunnlag)	**-278 286**	**-412 874**	**-313 759**	**83 718**	**-921 200**
Finansiell dekningsgrad i %	*2 %*				*50 %*
Sjølvkostfond 01.01	**0**	**43 503**	**0**	**-3 836**	**39 667**
-/+ Bruk av/avsetning til sjølvkostfond	0	-44 272	0	83 718	39 446
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad sjølvkostfond	0	769	0	1 344	2 114
Sjølvkostfond 31.12	**0**	**0**	**0**	**81 226**	**81 226**

2.10 Langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld består av langsiktige lån (note 9) og pensjonsforpliktingar (note 11).
Lånegjelda til Askvoll kommune består av eksterne lån til finansiering av investeringar (innlån) og lån til vidare utlån.
Total lånegjeld pr. 31.12.22 utgjer kr. 370 054 274,-
Diagrammet under viser prosentvis fordeling av lånegjelda (fordeling i kr. sjå note 9)



2.11 Forklaring til avvik på hovudoversikter – drift

Det vert i lita grad budsjettert med sjuke- og fødselsrefusjonar i driftsbudsjettet. Dette forklarar 4,9 mill. kr. av avviket mellom budsjett og rekneskap for 2022 på overføringar og tilskot frå andre. Det er og bokført vel 3,5 mill. kr meir i momskompensasjon enn budsjettert, som er inntektsførte under overføringar og tilskot frå andre. Meirverdiavgift som gjev rett til momskompensasjon er utgiftsført tilsvarande under overføringar og tilskot til andre. Sjå elles kvart ansvar sine kommentarar under kapittel 5.

3. INVESTERINGSREKNESKAPEN

3.1 Investeringar

Løyvingsoversikt-investering §5-5, 1 ledd	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap
	2022	2022	2022	2021
1 Investeringer i varige driftsmidler	54 916 276	69 427 900	85 730 000	63 361 016
2 Tilskudd til andres investeringer	2 100 000	2 100 000	3 770 000	2 100 000
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	765 652	765 652	750 000	904 750
4 Utlån av egne midler	0	0	0	0
5 Avdrag på lån	0	0	0	0
6 Sum investeringsutgifter	**57 781 928**	**72 293 552**	**90 250 000**	**66 365 766**
7 Kompensasjon for merverdiavgift	6 848 599	11 380 865	12 166 000	9 027 395
8 Tilskudd fra andre	774 052	298 118	150 000	12 747 116
9 Salg av varige driftsmidler	10 700	1 000 000	4 200 000	56 706
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0
13 Bruk av lån	49 290 336	58 848 917	72 984 000	43 879 839
14 Sum investeringsinntekter	**56 923 687**	**71 527 900**	**89 500 000**	**65 711 056**
15 Videreutlån	5 110 991	6 000 000	3 000 000	4 767 086
16 Bruk av lån til videreutlån	5 144 134	6 000 000	3 000 000	4 817 906
17 Avdrag på lån til videreutlån	1 483 102	1 500 000	0	2 887 382
18 Mottatte avdrag på videreutlån	1 449 959	1 500 000	0	2 836 562
19 Netto utgifter videreutlån	**0**	**0**	**0**	**0**
20 Overføring fra drift	0	0	0	-180 000
21 Avsetninger til bundne investeringsfond	0	0	0	250 040
22 Bruk av bundne investeringsfond	-92 589	0	0	0
23 Avsetninger til ubundet investeringsfond	0	0	0	0
24 Bruk av ubundet investeringsfond	-765 652	-765 652	-750 000	-724 750
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0
26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	**-858 241**	**-765 652**	**-750 000**	**-654 710**
27 Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)	0	0	0	0

Askvoll kommune har gjennomført investeringstiltak/-prosjekt på til saman vel 57,8 mill. kr. i 2022. Dette er inkludert 2,1 mill. kr. som er overført til Askvoll sokn til investeringsprosjekt med kommunal finansiering. Av desse gjekk 2 mill. kr. til prosjektet «Tilbygg Vilnes kyrkje» og 0,1 mill. kr. til prosjektet «Rehabilitering Holmedal kyrkje»

Dei største prosjekta med bokførte utgifter over 3 mill. kr. i 2022 er:

Prosjekt	Namn	Beløp
1066	Industriområdet Bulandet	6 400 675
1080	Lagerhall Olsetvikane	3 248 722
1139	Ombygging brannstasjon og driftssentral	22 492 564
1194	Olsetvikane - tilrettelegging 2022	5 268 040

Industriområdet Bulandet prosjekt 1066 starta opp i 2019, og har strekt seg over fleire år. Lagerhall Olsetvikane prosjekt 1080 vart påbegynt i 2021 og fullført i 2022. Ombygging brannstasjon og driftssentral starta i 2021 og vart tatt i bruk i 2022. Sluttfaktura frå levrandør er ført i 2023. Olsetvikane-tilrettelegging 2022 prosjekt 1194 gjeld utgifter utgiftsført i 2022. Det vil bli levert byggerekneskap for desse prosjekta.

Viser elles til løyvingsoversikt §5-5, 2 ledd i årsrekneskapen der det er oversikt over alle prosjekta.

3.2 Avslutting investeringsrekneskap

Grensa for sluttrekneskap som skal leggast frå som enkeltsak for kommunestyret er 3 mill. kr. Investeringsrekneskap på mindre enn 3 mill. kr som ikkje har store overskridingar, kan avsluttast i forbindelse med årsavslutninga.

Prosjekt under 3 mill. ferdig i 2022:

Prosjekt 1072 Skytesimulator og bygdeveggar

Kostnad 2021	kr. 187 450,-
Kostnad 2022	kr. 92 589,-
Total kostnad	kr. 280 039,-

Prosjektet er finansiert med tilskot frå Statsforvaltaren i Vestland

Prosjekt 1076 Kummar AHV

Kostnad 2022	kr. 337 959,-

Løpande prosjekt 2018-2022 som er finansiert med VA løyvingar.

Prosjekt 1130 Barnehage i Askvoll sentrum

Kostnad 2022	kr. 1 200 210,-
Kostnader tidlegare år	kr. 878 345,-
Total kostnad	kr. 2 078 555,-

Prosjektet starta opp i 2018 og vart avslutta i 2022.
I revidert budsjett for 2021 låg det inne ramme på 1 mill. kr, i revidert budsjett 2022 var kostnadsramma 2,3 mill. kr. Prosjektet er midlertidig utsett til 2025.

Prosjekt 1171 Grønt området (klippar/utstyr) 2021

Vedtatt kostnadsramme	kr. 300 000,-
Kostnad 2021	kr. 176 635,-
Kostnad 2022	kr. 123 375,-
Total kostnad	kr. 300 010,-

Prosjekt 1180 Møblar Askvoll skule (vestibyle)

Vedtatt kostnadsramme	kr. 130 000,-
Kostnad 2022	kr. 167 161,-

Prosjekt 1183 – Utstyr helse og omsorg 2022

Vedtatt kostnadsramme	kr. 2 070 000,-
Kostnad 2022	kr. 1 587 451,-

Prosjekt 1168 Mjuke trafikantar sentrum Gamlekaia

Vedtatt kostnadsramme	kr. 500 000,-

Fylkeskommunen tok heile kostnaden i 2022, bortsett frå prosjekteringskostnader bokført i 2021 med kr. 72 463,- Ubrukte midlar vart brukt til prosjekt 1187

Prosjekt 1187 – Fornying veglys 2022

Kostnadsramme i opphaveleg budsjett	kr. 250 000,-
Kostnad 2022	kr. 119 927,-

Prosjekt 1248 Trafikksikring Bulandet skule

Kostnad 2022	kr. 88 244,-

Prosjekt 1188 – Asfaltering 2022

Vedtatt kostnadsramme	kr. 1 650 000,-
Kostnad 2022	kr. 1 893 077,-

Prosjekt 1197 – IKT 2022

Vedtatt kostnadsramme	kr. 1 200 000,-
Kostnad 2022	kr. 1 042 145,-

Prosjekt 1204 VA Blåstjerna byggefelt 2021

Kostnad 2020	kr 24 120,-
Kostnad 2021	kr. 1 639 343,-
Kostnad 2022	kr. 684 283,-
Total kostnad	kr. 2 347 746,-

Prosjektet starta opp i 2020 og vart avslutta i 2022. Det vart finansiert med løyvingsramme for vatn og avløp.

Prosjekt 1525 Vassleidning Bumanneset-Gjørøy

Kostnad 2022	kr. 158 124

Prosjektet er finansiert med VA løyving for 2022.

Prosjekt 1229 – Bru over Stroka

Vedtatt kostnadsramme	kr. 2 000 000,-
Kostnad 2021	kr. 198 700,-
Kostnad 2022	kr. 1 596 555,-
Total kostnad	kr. 1 795 255.-

3.3 Forklaring til avvik på hovudoversikter – investering

Prosjekta i investering går over fleire år, sjølv om det er vedteke i budsjettet for eit bestemt år. Dette gjer til at det ofte blir avvik mellom inntekter/utgifter i budsjett og rekneskap. I desember 2022 hadde Askvoll kommune oppe budsjettendringssak av investeringsbudsjettet i kommunestyre. Der vart investeringsprosjekta justert etter prognose på utvikling av prosjekta ut 2022. Unytta midlar på investeringsprosjekt som ikkje er avslutta i 2022 blir overført til 2023 jf. økonomireglementet punkt 4.
Det har ikkje vore praksis for å budsjettere på fleire utgiftskontoar innanfor same prosjekt. Dette genererer avvik innanfor dei ulike typane utgift i oversiktene då det på nokre kontoar er budsjettert meir enn forbruk medan det på andre ikkje er budsjettert. For å få korrekt bilde over kvart prosjekt i forhold til budsjett, må ein sjå på prosjektrekneskap som blir satt opp når kvart enkelt prosjekt er ferdig. (på prosjekt over 3 mill. kr)

4. ARBEIDSKAPITAL OG LIKVIDITET

4.1 Arbeidskapital

Arbeidskapitalen er det som er tilgjengeleg i omløpsmidlane med fråtrekk for den kortsikte gjelda. Ein kjem då fram til kva som er likvide driftsmidlar inkl. unytta lån og fond.

Utvikling i arbeidskapital frå 2018 til 2022 – sjå og note 1 i rekneskapen



4.2 Likviditet

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Likviditetsgrad 1	1,50	1,45	1,27	0,87	0,96	0,95	1,24	1,53	1,48	1,73	1,59	1,88	1,98	1,83
Likviditetsgrad 2	1,00	0,82	0,54	0,25	0,36	0,28	0,50	0,89	0,83	0,99	0,99	1,24	1,05	1,26

Likviditetsgrad 1= omløpsmidlar/kortsiktig gjeld>2
Denne bør vere større enn 2, fordi nokre av omløpsmidlane kan vere lite likvide, dvs. vanskeleg å gjere fort om til kontantar.

Likviditetsgrad 2= mest likvide omløpsmidlar/kortsiktig gjeld>1
Mest likvide omløpsmidlar er kasse, bank og marknadsbaserte plasseringar som raskt kan gjerast om til kontantar. Denne bør vere større enn 1

Tabellen syner at likviditeten til Askvoll kommune har blitt betre dei siste åra. Dette kjem av at kommunen har hatt overskot i drifta dei siste åra og som resultat av dette har meir pengar på bankkonto pr. 31.12.

5. AVVIK MELLOM REKNESKAP OG BUDSJETT

5.1 Sentraladministrasjonen – ansvar 100

	Rekneskap 2022	Rev. Budsjett 2022	Rekneskap 2021
Inntekter	-8 853 751	-1 790 000	-7 355 282
Utgifter	38 034 980	29 144 278	28 447 516
Sum rådmann	**29 181 229**	**27 354 278**	**21 092 234**

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk på 1 826 951. I hovudsak er overskridinga knytt til to tilhøve: busetting av flyktningar og feilbudsjettering av lisensar i økonomiplan 2022-25. Lønskostnadane (inkludert sjukelønsrefusjon) er 646 000 under budsjett,

Teneste 10000 Politisk styring

Summer av Regnskap hittil	Summer av Budsjett hittil	Summer av Avvik i kr.
2 376 130	2 162 205	213 923

Det var ikkje lagt inn auke i politisk godtgjersle i budsjettet. Sidan 1.mai 2019 har godtgjersla for stortingsrepresentantar vore 987.997 kroner. I 2022 vart denne auka til 1.064.318 kroner. Dette gjer at våre politiske godtgjersler aukar då den då den i reglementet er sett som ein prosentdel av Stortinget si godtgjersle.

Flyktningeadministrasjon og introduksjonsordninga

Teneste	Teneste_namn	Summer av Regnskap hittil	Summer av Budsjett hittil	Summer av Avvik i kr.
28110	Ytelse til livsopphold (introduksjonsordninga)	1 163 393		1 163 393
24220	Flyktningeadministrasjon	1 756 456	1 892 974	- 136 518
27500	Introduksjonsordninga	1 558 087	2 030 706	- 472 619
SUM				554 256

Vi tok i mot dei aller fleste flyktningane etter 2.tertial, dette gjer at utgiftene og auka i stort mon mot slutten av året. Prognose ved 2.tertial var om lag 1 MNOK i mindreforbruk, dvs. 1,5 MNOK mindre enn rekneskapen syner. Auken vert balansert ved auka inntekter på ansvar 900.

Teneste 12040 Tillitsvalde

Summer av Regnskap hittil	Summer av Budsjett hittil	Summer av Avvik i kr.
-	180 040	- 180 040

Utgiftene er flytta til ansvar 200

Teneste 18000 Diverse fellesutgifter

Summer av Regnskap hittil	Summer av Budsjett hittil	Summer av Avvik i kr.
309 969	200 000	109 969

Forsikringsutgiftene (yrkesskadeforsikring) vart mykje høgare enn budsjettert

Teneste 3200 -32520 - 32500 Næring

		Regnskap hittil	Budsjett hittil	Avvik i kr.
32520	Næringsutvikling	462 268	412 283	49 985
32000	Kommunal næringsverksemd	- 453 845	- 500 000	46 155
32500	Tilrettelegging og bistand for næringslivet	241 314	423 318	- 182 005

Tenesta syner eit mindreforbruk, men dette må sjåast i samanheng med bruk på andre tenester og kontoar, mellom anna kontingentar

Teneste 12050-12052-12053

		Regnskap hittil	Budsjett hittil	Avvik i kr.
12053	Interkommunalt IKT-samarbeid	2 976 319	1 935 353	1 040 966
12050	Fellesfunksjonar og fellesutgifter	1 870 718	1 156 394	714 323
12052	IKT	223 282	-	223 282

Tenestene syner eit monaleg overforbruk, dette er varsla om i 2.tertial, men budsjettet vart ikkje endra då vi meinte vi hadde ledige midlar på grunn av få busette flyktningar. Overforbruket er grunna ei feilbudsjettering av lisensar, særleg IKT-lisensar.

5.2 Oppvekst - ansvar 200-280

	Rekneskap 2022	Rev. Budsjett 2022	Rekneskap 2021
Inntekter	-19 303 093	-15 392 461	-20 183 269
Utgifter	113 344 993	106 413 237	107 121 280
Sum oppvekst	**94 041 900**	**91 020 776**	**86 938 011**

Generelt

Kommunestyret vedtok i k-sak 080/21 ei ramme for oppvekstetaten sitt samla budsjett for 2022 på 82 650 000 kroner.

I 1.tertialrapport, k-sak 038/22, vart budsjettramma til Oppvekstetaten auka med 2 000 000 kroner for i hovudsak å dekkje inn deler av eit meirforbruk til ressurskrevjande tiltak innan skulesektoren, noko som var om lag 1 million mindre enn prognosen frå etaten. Etter 2. tertial , k-sak 051/22 fekk ein auka ramma med 700 000 kroner frå disposisjonsfondet for å kompensere for innkjøp av nye læremiddel, jf. budsjettvedtak for 2020. Ein fekk også styrka den totale ramma med 1 000 000 kroner for å dekkje inn deler av eit meirforbruk til løn hovudtillitsvald som tidlegare var lønna under ansvar 100, koronautgifter hovudsakleg knytt til vikar og ekstrahjelp, ekstra utgifter i barnehage, skule og vaksenopplæring knytt til busetjing av flyktningar og kostnader til etablering av mellombels lokale til biblioteket. Prognosen til kommunalsjefen for oppvekst var då at ramma måtte aukast med om lag 3 mill. kr. for å ha ei realistisk budsjettramme for 2022

Ut over dette vart det i løpet av 2022 ikkje gjort andre endringar på etaten si budsjettramme, unnateke tillegg for lønsauke, både sentral og lokal og justerte pensjonskostnader som vart lagt til ramma i siste halvdel av budsjettåret. Ved utgangen av 2022 var difor den samla budsjettramma til oppvekstetaten på 91 020 776 kroner.

Det rekneskapsmessige meirforbruket for ansvar 200-280 er på totalt 3 021 124 kroner, noko som utgjer eit meirforbruk på vel 3,3 % i høve totalbudsjett. Sjølv om dette slett ikkje er eit sluttresultat ein er nøgd med, samsvarar det likevel godt med dei prognosane ein melde inn i høve handsaming av 1. og 2. tertialrapport. Det syner at etaten samla har vore underbudsjettert for å løyse dei tiltaka som har vore nemnde i rapporteringa i løpet av året, og ein vil særleg trekkje fram ekstra utgifter til busetjing av ei ny stor flyktning-gruppe frå Ukraina og ekstra utgifter til vikarar i samband med korona-pandemien. Berre på sistnemnde område er det registrert ei ekstra utgift på vel 1,3 millionar i 2022 på oppvekst sine tenesteområde.

Sjølv om vi også undervegs i 2022 har vore usikre på korleis kostnader knytt til ressurskrevjande tiltak for einskildbarn ville påverke sluttrekneskapen, syner rekneskapen at vi no stort sett løyser dette innanfor etaten si ramme når det gjeld tiltaka vi har sett i verk på eigne skular. Derimot har vi framleis ikkje «kontroll» på utgiftsauken til ressurskrevjande tiltak for barn og unge kor vi kjøper tenester frå andre, i hovudsak til spesialundervisning. Dette gjeld både tiltak i den private skulen og tiltak i andre kommunar knytt til barn i fosterheim. Sjølv om budsjettramma til dette føremålet har vorte styrka i løpet av året med 900 000 kroner frå 2,1 til 3 millionar, syner rekneskapen for 2022 ein ytterlegare auke med vel 600.000 kroner.

Som i 2020 og 2021, ligg refusjon sjukeløn i 2022 på om lag 4 millionar kroner, noko som åleine utgjer 6-7 årsverk som det må skaffast vikar for kvar dag gjennom heile året. I tillegg kjem fråvær i arbeidsgjevarperioden og eigenmeldt fråvær som ein ikkje får refusjon for, og fleire einingar melder om auke i korttidsfråværet. Samla utgifter til vikar ligg vel 2,2 millionar over det som var budsjettert, og kunne ha vore høgre om det var mogleg å finne fleire vikarar.

Sjukefråvær, og oppfølging av dette, er difor framleis ei stor utfordring for etaten, og dette vil bli gjort nærare greie for i årsrapporten.

Rekneskapsresultatet for kvart ansvar syner at einingar har eit meir- eller mindreforbruk i varierande grad i høve revidert budsjett, og nedanfor vert det frå kvart område/ansvar gjort kort greie for kva som har ført til avvik frå budsjettet.

Avvik pr. ansvarsområde

Ansvar	Ansvar (T)	Rekneskap	Rev.budsj	Avvik i kr.
200	Oppvekstsjef	9 949 058	9 045 016	904 041
210	Rektor Askvoll skule	28 668 024	26 781 150	1 886 873
211	Rektor Atløy skule	10 795 421	10 985 583	-190 162
212	Rektor Bulandet skule	7 560 096	7 858 737	-298 641
213	Rektor Gjelsvik skule	8 863 409	8 468 551	394 857
250	Rektor Askvoll kulturskule	1 436 086	1 434 288	1 798
271	Styrar Røverompa barnehage	10 021 154	8 931 617	1 089 537
272	Styrar Nipa barnehage	3 488 059	3 563 140	-75 081
273	Styrar Gjelsvik barnehage	3 648 092	3 909 253	-261 161
274	Styrar Holmedal barnehage	5 465 350	5 510 957	-45 608
276	Styrar Bulandet barnehage	2 675 696	3 053 489	-377 793
280	Biblioteksjef	1 471 457	1 478 995	-7 538
		94 041 900	**91 020 776**	**3 021 124**

200 Oppvekstsjef

- På grunn av nokre svært ressurskrevjande tiltak vart utgiftene til kjøp av opplærings- og spesialpedagogiske tenester frå andre langt høgre enn budsjettert – vel 600 000 kroner (sjå også kommentarane ovanfor).
- Løn til hovudtillitsvald, som tidlegare var lønna under ansvar 100, utgjer ei meirutgift på om lag 300 000 kroner.
- Ein del tilskotsmidlar er inntektsført på dette ansvaret samstundes som utgiftene til føremåla er ført på dei ulike ansvara i etaten.

210 Askvoll skule

- Samla sett syner rekneskapen eit overforbruk på nesten 1,9 mill. Det meste av overforbruket er på grunnskule med vel 1,5 mill.
- Overforbruket ved Askvoll skule og vaksenopplæring, ansvar 210 kjem i hovudsak av:
    - Auka tal elevar i grunnskulen som har behov for særskild norskopplæring
    - Auka tal elevar med særskilde behov som har behov for alternativ opplæring som musikkterapi, riding og logoped. Leige av ekstern kompetanse som t.d. PlanB
    - Gratis SFO til elevar i 1. klasse som fører til at bemanninga må aukast, samstundes som brukarbetaling blir lågare
    - Ekstra utgifter i samband med korona

211 Atløy skule

- Teneste 20200: underforbruk 126 000 kr
    - SFO-tid og skule-assistent glir litt i kvarandre: kvar vi budsjetterer og faktisk trekker frå stillinga til fagarbeidar/assistent i tida mellom 14:10-15:00. Det som har vore budsjettert som stilling i teneste 202000 (skule) har vore ført og trekt frå SFO 21500 av stilling på SFO har blitt trekt frå skule. Dette gjeld 114 000 kroner. Dette vil gi utslag i «underforbruk»

    - Fekk heva ramma med 100 000 kroner då det hausten 2022 vart akutt behov for meir ressursar i småskuletrinnet. Dette gjaldt ei assistentstilling cirka 4 månader.
- Teneste 21500: overforbruk på 51 000 kr
    - Deler av stilling i SFO var budsjettert på teneste 20200 skule (sjå punkt ovanfor), og ført/trekt frå teneste 21500- gjeld cirka 114 000 kroner. Denne skulle ha gått frå teneste 20200 og vil vise som eit «overforbruk» på 114 000 på teneste 21500.
    - Høgare brukarbetaling enn budsjettert med 51 000 kr, som viser som eit «underforbruk» på 51 000 kr
- Teneste 22220: Underforbruk på 115 000 kr
    - Reinhaldsvikar er ført på teneste 20200, men sjukelønsrefusjon er på teneste 22220, som skaper ein ubalanse mellom utgift/inntekt på cirka 80 000 kr «underforbruk»
    - Budsjettert med meir utgifter knytt til avgifter, reinhaldsmateriell og utstyr på til saman 45 000 kr som ikkje har blitt brukt

212 Bulandet skule

- Bulandet skule har eit samla mindreforbruk på 298641 kroner. Dette har følgjande årsaker:
    - Meir sjukelønsrefusjon enn det var budsjettert med både på teneste 20200 og 22220
    - Mindre bruk av vikar på teneste 20200 enn det vart budsjettert med
    - Mindreforbruk på driftspostane på om lag 90 000. Ein del av dette skuldast ein leverandør som ikkje har fakturert oss i rett tid.
    - Budsjettposten Leirskule skulle ha vore 0 i 2022, men der sto det 32000 som då ikkje vart brukt.
- Når det gjeld andre store avvik, ser vi at på teneste 21500 SFO var det budsjettert med 93500 kroner i brukarbetaling. Rekneskapen viser ei brukarbetaling på 17755 kroner. Dei fleste som nyttar seg av SFO-tilbodet er førsteklassingar som har rett til 12 timar gratis SFO for veka.

213 Gjelsvik skule

- Rekneskapen 2022 viser at Gjelsvik skule har brukt 104% av budsjettet. Dette utgjer eit «underskot» på 394 000 fordelt på 102 000 på *Tillitsvalte*, 272 000 på *Grunnskule*, 57 000 på *Leirskule*, -44 000 på *SFO*, 6 000 på *Drift og vedlikehald*
- Forklaring på underskotet på 390 000 kort summert: Koronatrykket våren 2022 har gjort at vi har brukt for mykje på vikar, avtalefesta tillegg og dermed også lønsutgifter til SPK og arbeidsgjevaravgift (ca. 150 000). Utgifter til lærebøker og lisensar har vore større enn budsjettert (ca. 50 000). Løn HTV (ca. 100 000) var ikkje budsjettert med i opphavleg budsjett. Leirskule vart flytta på gunn av korona og ikkje budsjettert med i opphavleg budsjett (ca. 60 000)

250 Askvoll kulturskule

- Totalt sett landa ansvar 250 bra med berre 1800 kroner i overforbruk.
- 23100 har eit overforbruk grunna for lavt budsjettert lønn til vaksenansvarleg, samt at vi ikkje hadde så mange brukarar som vart budsjettert med.
- 38300 hadde eit underforbruk grunna meir refusjon av fødselspengar enn budsjettert, samt underforbruk på lønn og ikkje brukt full pott av dei fylkeskommunale overføringane i høve DKS.

271 Røverompa barnehage

- Eininga har eit meirforbruk på knapt 1,1 millionar kroner, og dette overforbruket er i hovudsak knytt til fastløn, vikarutgifter og ekstrahjelp.
- Underbudsjettering på fastløn er knytt til busetjing av flyktningar, og kjem i hovudsak av ei 100% stilling som vart oppretta hausten 2021 for å legge til rette for eitt av dei busette barna. Her har ein rekna med å kunne søkje IMDI om ekstra busetjingsmidlar for å finansiere tiltaket, men førebels er ikkje det avklara. Difor har barnehagen i 2022 hatt om lag 600 000 kroner meir i lønsutgifter knytt til busetjing av flyktningar enn det som var budsjettert.
- Barnehagen har i 2022 brukt over 700 000 kroner meir enn budsjettert til vikar, samstundes som ein berre har fått inn 270 000 ekstra i refusjon sjukeløn. Det fortel at barnehagen har hatt eit høgt korttidsfråvær. Meirutgifter i samband med korona utgjer om lag 190 000 kroner av vikarforbruket, og om lag 120 000 kroner er knytt til busetjing av flyktningar.
- Ein har også brukt 260 000 kroner på ekstrahjelp som ikkje var budsjettert, og om lag 100 000 kroner av dette er direkte knytt til busetjing av flyktningar. Ein har også hatt tilvenning av nye småbarn gjennom heile hausten, og har difor måtte ta inn ekstrahjelp på begge bygga nesten kvar veke for å løyse dette.
- Vi ser at det meste av overforbruket ligger på fast- og vikarløn. Også 2022 har vore prega av lite føreseielegheit og fleire ting som var vanskeleg å føresjå når budsjettet vart laga.

272 Nipa barnehage

- Eininga har totalt eit mindreforbruk på vel 68 000 kroner. Dette kjem i hovudsak av at ein har fått inn meir refusjon sjukeløn enn det som både var budsjettert, og kva ein har klart å bruke meir på vikar og ekstrahjelp. Det vart og brukt noko mindre til fast løn enn budsjettert, noko som heng saman med eit noko lågare tal barn i barnehagen enn forventa i 2. halvår.
- Mot slutten av 2022 fekk barnehagen styrka bemanninga noko for å gje plass til nye barn av busette flyktningar i nærområdet.
- Ein fekk i 2022 inn omlag 68.000 kroner mindre i brukarbetaling enn budsjettert.

273 Gjelsvik barnehage

- Samla sett ligg rekneskapen 261 161 under budsjett
- Fastlønn ligg godt under budsjett, avvik på om lag 200 0000 og må sjåast opp mot budsjett til vikarar med overforbruk på om lag 100 000 som skuldast at vi i haust nytta tilkallingsvikar i deler av eit vikariat. Ansvar 273 har hatt mindre lønnsutgifter i form av personale med lite ansiennitet/ mindre utdanning.
- Refusjon fødselspengar har vore 153 535,- det var ikkje budsjettert med nok på den posten. Sjukelønn refusjonen var 11 000 høgare enn det som er budsjettert og heng saman med føregåande post.
- Brukarbetalinga er om lag 19 000 mindre enn det som er budsjettert med. Marginane her er små.
- Matvareposten har eit underskot på om lag 54 000 i høve forventa inntektene som ikkje står i høve til brukarbetalinga. Den må aukast. Konto anna sal av varer, tenester er om lag 60 000 under budsjett og heng saman med matvarepost.
- Mindre forbruk på Brukskontoane leikar/ undervising/ Arbeidsmateriell på om lag 15 000 som var planlagt å nytte til innkjøp mot slutten av året, men fakturaen kom for seint.

274 Holmedal barnehage

- Holmedal barnehage har eit positivt resultat for 2022 på 45608.
- Vi har hatt mindreforbruk på fastløn grunna student i permisjon utan løn.
- Vi har hatt eit stort meirforbruk på vikarbudsjettet på 315 875 som i stor grad skuldast høgt sjukefråvær. Men vi har og hatt mykje høgare refusjon på sjukeløn på 362 862 grunna mykje langtidsfråvær. Det har ikkje vore råd å få tak i vikar ved store delar av fråværet og vikarbudsjettet går difor i pluss. Barnehagen har i hausthalvåret gått mykje med for lite bemanning og dette har mest gått ut over tilbodet til barn med behov for spesialpedagogisk hjelp, men og det allmenn-pedagogiske tilbodet har vore redusert.
- 52125,42 av utgiftene er direkte knytt til koronapandemien i form av løn og forbruksvarer

276 Bulandet barnehage

- Eininga har totalt eit mindreforbruk på vel 353 000 kroner, noko som i hovudsak kjem av mindre utgifter til fast løn enn budsjettert. Dette skuldast delvis at det vart færre stillingar i bruk 2. halvår enn forventa, noko som heng saman med eit lågare tal barn i barnehagen enn forventa. Noko av mindreforbruket på fast løn er kompensert med meir bruk av vikar, men på grunn av vanskar med å få tilstrekkeleg med vikarar, og at dei ein har rekruttert inn ikkje var faglært, vart dei totale lønsutgiftene i 2022 langt mindre enn budsjettert.
- På grunn av færre nye barn i 2. halvår fekk ein inn omlag 50.000 kroner mindre i brukarbetaling enn budsjettert.
- Mindre refusjon frå sjukeløn enn budsjettert vart kompensert med tilsvarande meir refusjon fødselspengar.
- På drift og vedlikehald av barnehagen vart det eit mindreforbruk på om lag 43 000 kroner, noko som i hovudsak kjem av meir refusjon sjukeløn enn budsjettert i kombinasjon med vanskar med å skaffe vikar for reinhaldar. Frå hausten 2022 vart heile reinhaldsstillinga knytt til Bulandet skule, og det har vorte rekruttert inn ny tilsett i denne stillinga.

280 Biblioteksjef

- Askvoll bibliotek var stengt for publikum i perioden 01.01. – 31.08.2022. I denne perioden brukte vi ressursar på samlingsutvikling, nødvendig kontorhald og formidlingsprosjekt støtta av Nasjonalbiblioteket (Aktiv formidling). Biblioteksjefen deltok i tillegg på ulike bibliotekfaglege kurs (digitale), var våren 2022 med i ressursgruppe knytt til utarbeiding av handboka «LeserSørvis for barn» (Prosjektet *Formidlingskompetanse i folkebibliotek med støtte frå Nasjonalbiblioteket)* og i november 2022 var ny nettside for biblioteket lansert.
- september opna vi biblioteket at, nå i mellombels lokale i Askvoll sentrum (Bankbygget). Vi har hatt 1391 besøk i perioden september – desember 2022. Med (folke)biblioteket plassert i sentrum, opplever vi at stadig fleire brukar biblioteklokalet som formell- og uformell møteplass.
- Etter 2. tertial vart ansvaret styrka med 250 000 for å dekkje inn ekstra kostnader med å etablere seg i mellombelse lokale i det tidlegare bankbygget i sentrum, og samla har ein halde seg innanfor den nye ramma.

Kristen Holt
kommunalsjef oppvekst

5.3 NAV – ansvar 355

	Rekneskap 2022	Rev. Budsjett 2022	Rekneskap 2021
Inntekter	-649 184	-417 300	-381 831
Utgifter	6 422 180	6 246 724	5 961 146
Sum NAV	**5 772 996**	**5 829 424**	**5 579 315**

Årsrekneskapen viser samla sett eit mindreforbruk i høve budsjett på kr **56 428**. Det har vore nedgang i utgiftene på fleire område, men utgiftene til flyktningar har vore så store at samla sett kjem vi i ut med eit lite overskot.

Kommentar til dei ulike tenestene*:*

12010 Administrativ leiing:
NAV- leiaren er statleg tilsett, og kommunen betalar sin del av utgiftene til staten. Det er kr 26.000- til gode på tenesta.

24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid*:*
Denne tenesta omfattar løn og utgifter knytt til dei kommunalt tilsette og tilskot til krisesenter. Underforbruk på 148.00 på grunn av delvis vakant stilling. .

24250 Sosialkontor (kontordrift):
Tenesta omfattar utgifter til kontordrift og reinhaldar. Rekneskapen viser eit overforbruk 127 000. Av dette er kr 100.000,- utgifter til delfinansiering av prosjektleiarstilling i høve vertskommuneutgreiing.

27600 Kvalifiseringsordninga:
Vi har ikkje hatt deltakarar i program dette året, og har difor til gode kr 300 000,- .

28100 Ytelse til livsopphald:
Rekneskapen viser eit samla underforbruk på kr 330 000 på denne tenesta i høve budsjettet. Utbetalingar til livsopphald for vanskelegstilte er på totalt kr 1.190 000,- . noko som er ein nedgang frå 2021.

28110 Ytelsar til livsopphald flyktningar:
Kostnad til livsopphald på denne tenesta er kr 730 000 høgre enn budsjettert. Det kjem av stor auke i tal flyktningar siste halvår 2022.

Askvoll 08.03.22

Åse Rivedal Solheim

5.4 Barneverntenesta – ansvar 360

	Rekneskap 2022	Rev. Budsjett 2022	Rekneskap 2021
Inntekter	-1 350	-45 000	-384 082
Utgifter	7 981 687	7 142 408	4 741 011
Sum barneverntenesta	**7 980 337**	**7 097 408**	**4 356 929**

Kommentar:
Teneste 24410 hadde eit meirforbruk med kr. 133 262.
Under denne tenesta blir Askvoll kommune sin del av utgifter til Hafs barnevern ført. Fjaler kommune er vertskommune og Askvoll kommune sin del av utgiftene vart høgare enn budsjettert.

Teneste 25100 syner eit mindreforbruk på kr. 1 989 816.

Teneste 25200 har eit meirforbruk på kr. 2 739 483.

Sett under eit har teneste 25100 og 25200 eit meirforbruk på kr. 749 667.
Av desse er kr. 447 900,- kommunal eigenandel fakturert frå Bufetat for 2021 i 2022.
Dette var ein av grunnane til at barnevern hadde mindreforbruk i 2021 og var opplyst om i note 18 i 2021.

Totalt har barneverntenesta i 2022 eit meirforbruk på kr. 882 929.

Nina Haugstad
Økonomisjef

5.5 Helse og omsorg - ansvar 400-470

	Rekneskap 2022	Rev. Budsjett 2022	Rekneskap 2021
Inntekter	-35 128 593	-33 595 584	-41 614 812
Utgifter	153 708 445	147 965 671	152 285 635
Sum helse og omsorg	**118 579 852**	**114 370 087**	**110 670 823**

Meirforbruk : kr 4 209 765,-

Oppsett under syner meir-/mindreforbruk innan tenestene som ligg under ansvar 400- 470 :

Ansvar	Rekneskap	revidert budsjett	avvik
400	- 10 660 917	- 10 978 112	317 195
410	19 791 773	19 585 233	206 540
420	20 481 736	20 522 798	- 41 062
430	28 309 327	26 333 098	1 976 229
440	17 411 509	15 132 503	2 279 006
450	18 189 266	19 182 422	993 156
460	10 113 651	10 641 264	- 527 613
470	14 943 506	13 950 881	992 625
	118 579 853	114 370 087	4 209 766

Kommentarar til mindreforbruk/forbruk innan helse- og omsorgsetaten for 2022:

Ansvar 400 Administrasjon:
Meirforbruk på kr 317 195

- 12000: Mindreforbruk på 328 842 pga. vakant stilling
- 12010: Administrativ leiing: overforbruk på 139 691
- 23402: Tryggleiksalarmar: overforbruk på 213 924. Dette er til kjøp og leasing av driftsmidlar.
- 25300: Helse- og omsorgstenester i institusjon. Mindreforbruk kr 1 035 749 Skuldast auka eigenbetaling og mindreforbruk på forbruksmateriell
- 25400 : Helse- og omsorgstenester til heimebuande
  Meirforbruk på 1 364 603. Kjem av mindre refusjon for ressurskrevjande brukarar enn budsjettert.
- 26110 : Drift og vedlikehald institusjonslokale
  Mindreforbruk kr 15 032
- 26550 Drift og vedlikehald kom. disp. bustadar
  Mindreforbruk kr 26 912

Ansvar 410 seksjon Helse
Seksjonen totalt: Overforbruk på kr 206 540,-

- 23200 Førebygging helsestasjon og skulehelseteneste: Ubrukte midlar: kr 5 500,-
- 23210 Helsestasjon/skulehelseteneste: Overforbruk på kr 21 793,-
  Prosjekt 8067 skulehelseteneste: Det er sett av kr 89 213,- til bundne fond. Skuldast langvarig sjukefråvær.
- 23230 Jordmorteneste: Overforbruk på kr 26 136,-. Gjeld i hovudsak lønn.
- 23310 Miljøretta helsevern: Ubrukte midlar på kr 54 225,- Kostnaden til kjøp av tenester har vore mindre enn budsjettert.
- 23460 Frivilligsentral/nærmiljøsentral: Overforbruk på kr 73 726,-. Skuldast lønnskostnader.
- 23461 Volontørteneste: Bruk av bundne fond kr 13 778,-. Det var ikkje nødvendig å få overført noko frå oppvekst.
- 24110 Legesenter: Overforbruk på kr 1 283 908,-. Alle koronautgifter er ført under 24110 – kr 319 559,-. Ca 500 000,- av overforbruket etterbetaling til privatpraktiserande legar etter fleire månaders forhandlingar. Kostnaden til avgifter/gebyr/lisensar har vore langt høgre enn budsjettert; kr 307 807,-. Vi hadde mellom anna oppstart av nytt dataprogram/fagprogram i september.
- 24110.320 Helsehuset: Ubrukte midlar: kr 4 001,-
- 24130 Lækjarvakt: Ubrukte midlar på kr 187 270,-. Utgifter til kjøp av tenester frå SYS-IKL har vore lågare enn budsjettert.

Kommentar:
Felles for alle tenestene: Lite bruk av kursmidlar/opplæring og reiser. Prosjekt 8111, korona: Totalt bruk i seksjonen 319 559,-. Sånn sett kan vi seie at heile overforbruket gjeld utgifter i samband med korona; i hovudsak vaksinering.

Ansvar 420 seksjon Heimetenesta
Heimetenesta underforbruk på kr 41 062,-

- 25300 Helse og omsorgstenester i institusjon: Mindreforbruk på 224 950
- 25400 Helse og omsorgstenester til heimebuande: Meirforbruk på 196 255

Kommentar: Stort meirforbruk på overtid, vikarløn og ekstrahjelp på grunn av vanskar med å rekruttere til faste stillingar og vikarar. Ein har bevisst prøvd å spare pengar ved å ikkje leige inn ved sjukdom, permisjonar og anna type fråvær når ein ser at det ikkje er behov. Men grunna mange dårlege pasientar og auka behov for hjelp hos heimebuande vert dette sjeldan mogleg.

Ansvar 430 seksjon Bu og miljøtenesta
Meirforbruk kr 1 976 230

- 23410: Avlastning/støttekontakt: Underforbruk på kr 215 504. Vedtaka har ikkje blitt nytta fullt ut, dels pga. vanskar med å rekruttere støttekontaktar.
- 23420: Aktivitetssenteret: Mindreforbruk på kr 475 308. Dette er knytt opp mot nedgang på tal brukarar.
- 25300: Helse og omsorgsteneste i institusjon Meirforbruk på kr 161 343. Rekrutteringsvanskar, overtid og endra behov hos tenestemottakar.

- 25400: Helse og omsorgstenester til heimebuande: Meirforbruk på kr 1 120 191.Dette er i all hovudsak knytt opp mot 2 prosjekt der ein kjøpar tenester frå private. Innan bu og miljø utgjorde kjøp av tenester frå private ca. kr 2 730 000. Tenesta hadde samstundes eit underforbruk på fast lønn og andre utgifter knytt til tilsette.
- 25410: Hjelp i avlastningsbustad: Meirforbruk på 999 150. Rekrutteringsvanskar ført til mykje overtid og teneste frå private, i all hovudsak vikarbyrå kr 2 700 000. Fast løn, lønn til vikarar og andre utgifter knytt til fast tilsette har eit underforbruk på kr 1 700 000.
- 25460: Omsorgsløn: Meirforbruk på kr 330 104, hovudsakleg på grunn av at nye brukarar m/pårørande er komme til.

Kommentar:
Meirforbruk Bu- og miljøtenesta er i all hovudsak knytt til store kostnadar til ressurskrevjande brukarar, der ein kjøper tenester av private aktørar. Viktige grunnar for dette er rekrutteringsproblem. Aktivitetssenteret har mindreforbruk grunna redusert aktivitet. Vikar som er nytta har mindre løn enn det som er budsjettert.

Ansvar 440 Smia/Fløyen/Omsorg 2
Overforbruk på 2 279 006.

- 12 040: Tillitsvalde: Meirforbruk på 130 982 som er kr. 120 000 over budsjett
- 23400: Aktiviserings og servicetenester til eldre og personar med funksjonsnedsetting: Dette gjeld reinhald med mindreforbruk på ca. kr. 650 000. Dette skuldast at reinhald er overført til ansvar 470 i løpet av året, utan at budsjettet er endra tilsvarande. (jf. Kommentar under ansvar 470)
- 25300 Helse- og omsorgstenester i institusjon: Mindreforbruk på kr. 2 195 697. Dette skuldast rekrutteringsvanskar og vakante stillingar. Og må sjåast i samanheng med overforbruket i 25400.
- 25400 Helse- og omsorgstenester til heimebuande: Overforbruk på kr 5 234 269. Dette heng saman med endringane i ansvarsområda.
- 25415 Bufellesskap: Her er eit mindreforbruk på 386 073. Det er eit overforbruk på vikarinnleige, men det jamnar seg ut med innsparingar på fastlønn.

Kommentar: Ansvarsområdet 440 var delt i 2022, der reinhald vart overført til 470. Dette gjer rekneskapen uoversiktleg. Generelt sett er utfordringar knytt til rekrutteringsvanskar, mykje overtid og vikarar. Smia/ Fløyen/ Omsorg 2 har for låg grunnbemanning, dette fører til auka innleige for å få forsvarleg drift.

Ansvar 450 Solstova/ Rask
Mindreforbruk på 993 156

- 23401 371 Matservering / matombering: Mindreforbruk på 1 588 469. Omorganisering i ansvarsområde har følgjefeil i rekneskapen og budsjettet.
- 25300: Helse og omsorgsteneste i institusjon: Mindreforbruk kr 124 817 som fordelar seg slik:
  - 25300 000 overforbruk på 670 307
  - 25300 371 Kjøken Askvollheimen. Mindreforbruk på kr. 469 743

    - 25300 372 Natt: Mindreforbruk kr. 325 381
- 25400: Meirforbruk 208 861 Som fordelar seg slik:
    - 25400 000: meirforbruk kr 245 615
    - 25400 372: Natt: mindreforbruk 40 488
- 25415 Bufellesskap: Meirforbruk kr 487 201, som fordelar seg slik:
    - 25415. 000 Solstova/Rask: meirforbruk kr 690 951
    - 25415. 372: Natt: mindreforbruk 215 717

Kommentar: Kjøkkendrifta vart overført til 470 i løpet av 2022. Sjå kommentar under 470. Solstova/Rask har hatt store utfordringar med rekruttering har ført til stort bruk av overtid (kr. 550 00) og vikarbyrå (kr. 360 000). Gruppa har store utfordringar med stort sjukefråvær, både korttids- og langtidsfråvær. Nattevaktene er flytta til ansvar 470, sjå kommentar etter ansvar 470.

Ansvar 460: Kårstova
Mindreforbruk på 527 613, som fordelar seg slik:

- **25300 000** Mindreforbruk på 616 213
- **25400 000** Meirforbruk på 88 600

Kårstova: Ansvarsområde 460 var oppretta i løpet av året. Budsjett og rekneskap vart overført, men her er det følgjefeil på grunn av omorganiseringa. Kårstova har hatt utfordringar med å få tilsett kvalifisert personale og har hatt 2 sjukepleiarstillingar vakante i store delar av året.

Ansvar 470 Askvoll omsorgssenter:
Overforbruk på kr 992 625:

- 23400 000: Mindreforbruk på kr. 9 746
- 23400 374: Reinhaldsavdeling: overforbruk 556 839
- 23401 371: Matservering/matombæring: overforbruk på 1 374 881.
- 25300 000: Overforbruk på kr 1 060 020.
- 25300 371: Kjøkken. Overforbruk på 614 019
- 25300 372: Natt overforbruk på 345 273
- 25300 374: Reinhaldsavdeling underforbruk på 633 262
- 25400 000: Mindreforbruk på 3 852 983
- 25400 372: Natt overforbruk på 1 518 112
- 25400 374: Reinhald: mindreforbruk på 38 836
- 25415 000: Overforbruk på 11 063
- 25415 371: Kjøkken: overforbruk på 1097
- 25415 372: Natt: underforbruk på 440 757
- 25415 374: Reinhaldsavdeling: Underforbruk på 28 108
- 26100 000: Institusjonslokale: overforbruk på 57 746
- 26100 274: Reinhaldsavdeling: overforbruk på 441 887

Kommentar: Ansvar 470 var oppretta i 2022. Ansvarsområdet dekker reinhald, kjøkkendrift, aktivitør, og nattevaktene på sjukeheimen. Denne endringa gjer rekneskapen og budsjettet vanskeleg å lese, og gjer eit feil bilete av situasjonen. Sett under eitt:

- Reinhaldstenesta: mindreforbruk på 279 431. Bakgrunn for dette er at ein 100% reinhaldstilling sto ledig til i mai 2022
- Kjøkkenet: mindreforbruk på 68 136
- Nattevaktene: meirforbruk på 841 042. Dette skuldast mykje sjukefråvær i kombinasjon med stillingar vi ikkje fekk besett, med overtid og vikarbruk som følgje.

Totalvurdering av rekneskap 2020 for helse- og omsorgsetaten:
Meirforbruket innan etaten har fleire årsaker. Leiarane legg opp til nøktern drift og unngår innleige av vikar ved sjukdom, permisjonar og anna fråvær, når dette er vore mogeleg. Den største utfordringa er rekruttering av kvalifisert personale i **alle** ansvarsområda. Dette medfører dyr bruk av vikarbyrå og overtid. Etaten har i periodar eit svært stort sjukefråvær. På sjukeheimen har det vore jamt høgt pasientbelegg, og tidvis overbelegg. Dette viser seg ved auka inntekter på eigenbetaling. Det er Smia/Fløyen/Omsorg 2 som har dette overbelegget og mykje kortidspasientar som har eit særleg høgt behov for omsorg og helsehjelp. Kårstova har også utfordringar med at det no er for få institusjonsplassar til personar med demens. Avlastningsplassen er tatt i bruk til langtidsplass, og dei har dagpasient på avlastning 5 dagar i veka året rundt. Dagtilbodet for heimebuande personar med demens har venteliste.
Heimetenestene erfarer at både pasienttalet og kompleksiteten aukar.
Bu- og miljøtenesta er eit særleg kostnadskrevjande teneste, sett i forhold til tal brukarar. Refusjonar til særleg krevjande brukarar vart mindre enn budsjettert. Dette heng saman med at enkeltbrukarar ikkje er i tenesta lenger og at nokon har «vippa» under refusjonstalet.

22.03.2023
Sara Terese Osland
Kommunalsjef Helse og omsorg

5.6 Felles landbrukskontor Askvoll, Fjaler og Hyllestad - ansvar 510

	Rekneskap 2022	Rev. Budsjett 2022	Rekneskap 2021
Inntekter	-4 269 587	-3 840 463	-4 090 172
Utgifter	6 372 272	6 234 234	5 983 013
Sum landbruksforvaltninga	**2 102 685**	**2 393 771**	**1 892 841**

Det vart oppretta felles landbruksforvaltning mellom kommunane Askvoll, Fjaler og Hyllestad, frå 01.08.2020, der Hyllestad var ny i samarbeidet. Fjaler og Askvoll har hatt felles landbrukskontor sidan 2007. Det er 5 stillingsheimlar. Askvoll og Fjaler dekker kvar 40% av kostnadane, og Hyllestad 20%, for drifta av det felles landbrukskontoret. Kostnader for felles landbrukskontor (teneste 32940), inkluderer ikkje veterinærtenester, viltforvaltning, og kostnader til deltaking i Sunnfjord vassområde.

Kostnader Askvoll
Sum landbruksforvaltninga på kr 2.102.685 * utgjer Askvoll kommune sin kostnad med drifta av den lovpålagte landbruksforvaltninga, kommunen sin del av kostnadane med vassdirektivet, skog/vilt, og kostnader med veterinærtenestene i kommunen. I 2022 er det eit samla mindreforbruk på kr. 291.086,- i høve revidert budsjett.

Teneste 32940: Felles landbrukskontor
Det var eit samla mindreforbruk på kr 237.843. Hovuddelen er knytt til auka refusjon frå samarbeidskommunane (grunna auke i KLP/pensjon, justert ved årsavslutning). Ein har og noko auka inntekter knytt til gebyr for lovsaker, gjødselplanlegging, jegerprøveeksamen, og sjukelønnsrefusjon, samt tilskot til motivasjonsprosjekt på skog. For andre forbrukspostar, har ein noko mindreforbruk. Ein har i haust vore restriktive med innkjøp av forbruksmateriell, mellom anna grunna varsel av innkjøpsstopp i samarbeidskommunar. Ein har hatt noko høgare kostnader i høve revidert budsjett knytt til overgang til tenestebil, kostnader til kontorleige (KPI 5,9%), og lønnsvekst.

Teneste 32950: Skogbrukskontor
I samsvar med budsjett

Teneste 32960: Veterinærvakt
Det var eit mindreforbruk i høve budsjett på kr 49.883, som i hovudsak er knytt til at ein fekk eit høgare stimuleringstilskot frå Statsforvaltaren, samanlikna med budsjett.

Teneste 36022: Viltforvaltning
I samsvar med budsjett
2022 har vore eit hektisk år, der ein har 2 relativt nye rådgjevarar, samt einingsleiar. Arbeidsbelastninga har i periodar vore høg. Landbruksforvaltninga si vurdering er at innanfor dei ressursane som er brukt, så har etaten gjennomført dei oppgåvene som etaten er pålagt på ein forsvarleg måte. Tilsvarande er det vurdert at veterinærtenesta har vore organisert og utført på ein tenleg god måte.

Mvh.

Johannes Folkestad
Landbrukssjef
Felles landbruksforvaltning for Askvoll, Fjaler og Hyllestad.

5.7 Teknisk drift - ansvar 640

	Rekneskap 2022	Rev. Budsjett 2022	Rekneskap 2021
Inntekter	-2 019 537	-410 188	-1 523 214
Utgifter	12 218 147	9 744 031	11 614 987
Sum teknisk drift	**10 198 610**	**9 333 843**	**10 091 773**

Ansvar	Teneste		Regnskap hitt	Budsjett h	Avvik i NOK
			10 198 610	**9 333 843**	**864 767**
640	TEKNISK DRIFT		10 198 610	9 333 843	**864 767**
	12000	Administrasjon	1 291	5 154	-3 863
	12010	Administrativ leiing	260 177	217 770	42 406
	12100	Forvaltningsutgifter i eigedomst	6 961	0	6 961
	22200	Skulelokale	640	0	640
	22220	Drift og vedlikehald av skulelok	67 162	75 000	-7 838
	26100	Institusjonslokale	3	0	3
	26110	Drift og vedlikehald institusjons	10 181	0	10 181
	30200	Byggesaksbehandling og eigarse	36 510	73 740	-37 230
	30205	Ureiningsmynde	-8 047	-253 464	245 416
	30300	Kart og oppmåling	39 799	36 869	2 929
	32580	Næringsbygg	-2 160	12	-2 172
	33010	Hamnevesen	2 000	0	2 000
	33030	Kaier	-233 683	71 156	-304 840
	33200	Kommunale vegar	5 500	0	5 500
	33210	Drift og vedlikehald vegar	4 128 081	3 859 675	**268 407**
	33230	Veglys	509 053	400 000	**109 053**
	33500	Rekreasjon i tettstad	349 935	353 399	-3 464
	33510	Parkar og grøntanlegg	63 596	0	63 596
	34000	Produksjon av vatn	3 128 253	2 913 072	**215 181**
	34500	Distribusjon av vatn	529 376	408 905	120 471
	35000	Avløpsreinsing	800 506	494 091	306 414
	35300	Avløpsnett/innsamling av avløp	311 084	532 350	-221 266
	35320	Pumpestasjon for avløpsvatn	33 245	0	33 245
	36040	Vassressursforvaltning	159 148	146 112	13 036

Område med større avvik:

Ureiningsmynde:	*Meirforbruk lik ca. 245.000 (berekna inntekter men er eit sjølvkostområde).*
Vegar:	*Meirforbruk lik ca. kr. 270.000,-.*
Kaier:	*Mindreforbruk ca. 305.000,-.*
Veglys:	*Meirforbruk lik ca. kr. 100.000,-.*
Vatn:	*Meirforbruk lik ca. kr. 335.000,-. Sjølvkostområde.*
Avlaup:	*Meirforbruk lik ca. 120.000,-. Sjølvkostområde.*

Første tertialrapport ansvar 640:
Betydeleg meirforbruk som pr. første tertial er inntil kr. 0,90 millionar. Mesteparten av meirforbruket kjem som følgje av utgifter til vintervedlikehald.

Andre tertialrapport ansvar 640:
Ved første tertial vart det rapportert med meirforbruk inntil kr. 0,9 millionar pga. meirforbruk innanfor vintervedlikehald. Kommunestyret auka budsjettet til teknisk med 0,5 millionar i K-sak 038/22.

Bilde viser at der er midlar til gode pr. 31.08.22, men bilde er nok at det vert ballanse, truleg vil det kunne bli meirforbruk ved årsavslutning.

Vurdering:
Sjølvkostområde 30205 er på nær 0,25 millionar i negativ retning. Arbeid med dette området må prioriterast i 2023.

Veglys.	Meirutgifter i hovudsak knytt til innkjøp byggeteneste (elektrikar).
Vegar:	Meirutgifter knytt til innkjøp av byggetenester (entreprenørarbeid).
Kaier:	Fått fast inntekt knytt til ekspressbåtkai mm.
Vatn:	Fordelt på auke innanfor fellesutgifter, Gjelsvik skule og Bulandet vassverk.
Avlaup:	Større utgifter slamtømming, sikring tilkomst til slamavskiljar Sauesundet mm.

Har avgrensa forbruk i 2022 for å halde forbruk og kostnader nede.
Meirforbruk innanfor vassverk er auka noko som i stor grad skuldast auka innleige.
Samla avvik er kr. 864.000,- innanfor Teknisk Drift i 2022.

Askvoll 17.03.23

Per Jan Ryland
-Teknisk sjef-

5.8 Brann og redning - ansvar 650

	Rekneskap 2022	Rev. Budsjett 2022	Rekneskap 2021
Inntekter	-1 264 761	-1 171 984	-1 187 954
Utgifter	5 571 678	4 864 025	4 870 902
Sum brann og redning	**4 306 917**	**3 692 041**	**3 682 948**

Aktiviteten i brannvesenet har vore normal, med 8 brannøvingar i løpet av året.. Mannskapsstyrken i Askvoll består av 19 mannskap (krav om 16 stk.). På depota på Atløy, Værlandet, og Kvammen er det 6 stk. brannmannskap på kvart av depota. Tenesta har eit meirforbruk kr 484.000, som i hovudsak skuldast meirkostnader ved 110-sentralen i Bergen og årsavgift til Nødnett-sambandet.

Brannvesenet hadde 33 utrykkingar i 2022 (12 – 23 – 13 dei førre åra), og det er ei auke i automatiske brannalarmar og bistand til helse og politi.

Feiarvesenet tilsette vaksenlærling frå 2. halvår, og etter ein opplæringsperiode er arbeidet med feiing av piper og bustadtilsyn i godt gjenge. Det vart leigd inn feiing frå Sunnfjord kommune for å få utført årleg feiing på dei bustadene som hadde krav om det.

Tenesta har eit meirforbruk som i hovudsak skuldast svikt i gebyrinntekter kr 170.000 – grunna avgjerd om at ein ikkje skulle krevje inn feiegebyr frå dei som ikkje fekk utført feiing, og innleigd feiing frå Sunnfjord kommune, kr 120.000.

Med helsing

Bernhard Øberg
Brannsjef

5.9 Bygg og eigedomsavdelinga-ansvar 660

	Rekneskap 2022	Rev. Budsjett 2022	Rekneskap 2021
Inntekter	-11 682 088	-9 629 500	-10 443 578
Utgifter	18 320 180	15 881 711	17 443 445
Sum bygge og eigedomsavd.	**6 638 092**	**6 252 211**	**6 999 867**

Sum overforbruk: 385.881,-

Som det går fram av tabellen ovanfor vart inntektene og utgiftene til bygg- og eigedomsavdelinga høgare enn budsjettert.

Bygg- og eigedomsavdelinga hadde eit meirforbruk på 385.881,- i 2022. Dette kjem blant anna av at kommunen tok på seg å ta imot 60 flyktningar frå Ukraina. Bygg- og eigedomsavdelinga leiger husvære frå private som vidare vert leigd ut til flyktningar frå Ukraina. Det er i 2022 nytta 551.413,- til å leige inn husvære frå private til flyktningar. Vi hadde kr 213.474,- i husleigeinntekt på desse husværa. Dvs. kr 337.939,- av husleiga er udekka på ansvar 660. Ser ein vekk frå dette, ville meirforbruket vore på kr 48.000,-. Det vart nytta dobbelt som mykje til vedlikehald, inventar og reparasjonar i høve til opphavleg vedtatt budsjett. Vi redda oss inn att ved at det ikkje var budsjettert med så store inntekter på sal av konsesjonskraft og at budsjetterte midlar til konsulenttenester på plan ikkje vart nytta.

Teneste 22120 Drift og vedlikehald av barnehagar:
Samla for alle barnehagane vart det eit overforbruk på drift og vedlikehald på 87.514,-. Samla utgifter til drift og vedlikehaldsutgiftene 1.144.626,-.

22120 Drift og vedlikehald av barnehagar	1 144 626
000 Uten Stad	18 561
271 Røverompa barnehage	479 288
272 Nipa barnehage	154 876
273 Gjelsvik barnehage	57 711
274 Holmedal barnehage	110 742
276 Bulandet barnehage	268 853
277 Stongfjorden barnehage	54 595

Teneste 22220 Drift og vedlikehald av skular
Samla for alle 4 skulane vart utgiftene til drift og vedlikehald ca. 383.286,- større enn budsjettert, totalt 2.076.246,-. Straumutgiftene vart 116.000,- meir enn budsjettert og utgiftene til vedlikehald og reparasjonar vart 215.000,- større enn budsjettert.

000 Uten Stad	27 188
210 Askvoll skule	1 088 487
211 Atløy skule	245 059
212 Bulandet skule	310 479
213 Gjelsvik skule	265 954

Teneste 23420 Aktivitetssenter for funksjonshemma (Austli)
Her vart det eit mindreforbruk på 20.000,- på drift- og vedlikehald.

Teneste 24110 Legesenter
Kostnaden til drift og vedlikehald vart samla 35.223,- meir enn budsjettert, totalt 311.223,-.

Teneste 26100-26110 Drift og vedlikehald institusjonslokale
Det vart nytta 2.220.700,- til drift og vedlikehald av institusjonslokale, 589.800,- meir enn budsjettert. Av dette utgjorde større straumutgifter 360.000,- og ca. 100.000,- var meir til vedlikehald og reparasjonar.

Teneste 26500-26550 Drift og vedlikehald av kommunalt disponerte bustadar
Totalt vart det ei inntekt på 2.695.843 på denne tenesta, 512.108,- mindre enn budsjettert. Dette kjem av at bustader kommunen leiger inn for vidare utleige til ukrainske flyktningar ligg på denne tenesta, og 337.939,- er udekka husleige for desse private husværa. Bustadbygg Naustdal Bygg AS, som kommunen leiger Kvartetthusværa av, avdekka feil i berekninga av månadleg utbetaling av tilskot frå Husbanken og etterfakturerte kommunen med 285.810,-. Husleigeinntektene vart elles 180.000,- større enn budsjettert. Det vart nytta 515.500,- til vedlikehald av utleigehusværa.

Teneste 38100/38110 Drift- og vedlikehald kommunale idrettsbygg
Det vart nytta 412.345,- til drift og vedlikehald av idrettsbygg (dvs. svømmebassenget og Askvollhallen), 376.345- meir enn budsjettert. Dette kjem av at det i budsjettet ikkje var teke høgde for at straum og kommunale avgifter vart fordelt på denne tenesta. Dette har tidlegare blitt ført på teneste 22220 (drift og vedlikehald av skular).

Teneste 38120 Drift- og vedlikehald kommunale idrettsanlegg ute
Det vart nytta 28.900,- til vedlikehald av idrettsbana ved Askvoll skule.

Teneste 32580 Næringsbygg
Dette gjeld Ekspedisjonsbygget på kaia, Heradsheimen, Basestasjon i Skjælia. Samla sett vart denne tenesta om lag som budsjettert.

Teneste 30100 Plansaker
Tenesta hadde eit mindreforbruk på 353.292,-. Det vart sett av 400.000,- til konsulenttenester i samband med utarbeiding av reguleringsplanar og rullering av arealdelen. Då samfunnsdelen ikkje er ferdig enno, er arbeidet med arealdelen ikkje påbegynt. Reguleringsplanane det var

tenkt å leige inn konsulenttenester til har vi ikkje kome skikkeleg i gang med. Det er difor berre eit mindre beløp som er nytta til konsulenttenester. Gebyrinntektene vart mindre enn budsjettert.

Teneste 30200 Byggesakshandsaming og seksjonering
Gebyrinntektene vart 372.000,-. Ein del mindre enn tidlegare år. I samband med tertialrapporteringa vart budsjettet juster for sviktande inntekter. Resultatet for denne tenesta vart difor omlag som budsjettert, 423.816.

Teneste 30300 Kart og oppmåling
Gebyrinntekter vart 316.330,-, ein del mindre enn tidlegare år og 123.700 mindre enn budsjettert, sjølv om budsjettet vart justert pga. sviktande gebyrinntekter i samband med tertialrapporteringa. Kjøp av tenester frå Fjaler kommune vart då også mindre enn budsjettert slik at det samla vart eit mindreforbruk på 29.142,- på denne tenesta.

Oppsummering 2022

Dei faste lønskostnadene for heile ansvarsområdet vart noko høgare enn budsjettert (50.000).

Drift og vedlikehald av kommunale bygg

Straumutgiftene vart 437.000,- høgare enn budsjettert (totalt 3.868.200,-). Kommunen har fått inntekter på konsesjonskrafta si som også vart høgare enn budsjettert (1.000.000,-).

Dei kommunale avgiftene vart 119.800,- høgare enn budsjettert (totalt 1.748.300,-). Forsikringspremien for kommunale bygg vart om lag som budsjettert. (totalt 377.172,-)

Utgifter til vedlikehald, materiell til vedlikehald og inventar/utstyr for dei kommunale bygga utgjorde 2.192.000,-. I opphaveleg budsjett var det sett av 1.087 000,- til dette. I samband med tertialrapporteringa vart dette auka til 1.447.000,- dvs. det vart nytta 745.000,- meir til vedlikehald/inventar og utstyr enn revidert budsjett. Og då har vi sett på bremsen frå sommaren av og kunn utført det som absolutt naudsynt å gjere. Kvart år dei siste 7 åra er det nytta meir til vedlikehald enn budsjettert.

Det vart nytta 555.000,- til service/vedlikehaldsavtaler og reparasjonar av bygningsteknisk anlegg (ventilasjon, heis, brannalarmanlegg ol). 137.000,- meir enn budsjettert.

Husleigeinntektene for alle dei kommunale bygga utgjorde kr 7.009.000,- ca. 265.800,- meir enn revidert budsjettert. Det var budsjettert med 40.000,- i tap på krav (i hovudsak husleigeinnteker), men det vart ikkje ført noko tap på krav i 2022.

Byggesak, oppmåling og plan

Gebyrinntektene på byggesak, oppmåling og plansaker vart 175.000,- mindre enn budsjettert, samla om lag 695.000,-. Ein del mindre enn tidlegare år. Til samanlikning var gebyrinntektene i 2021 kr 1.225.802,- og i 2020 var dei kr 946.371,-

Liss Merete Lien

Bygg og eigedomssjef

5.10 Driftssentralen-ansvar 670

	Rekneskap 2022	Rev. Budsjett 2022	Rekneskap 2021
Inntekter	-182 516	0	-318 635
Utgifter	6 174 464	6 044 181	5 390 720
Driftsentralen	**5 991 948**	**6 044 181**	**5 072 085**

På Driftssentralen 670 er lønn og sosiale kostnadar til alle operatørane førte, inkludert noko reinhald. Kostnadane er fordelte på dei ulike tenestene arbeide vert utført.
Vedlikehald og drivstoff knytt til ein bil under teneste 22220 (Drift og vedlikehald skule/barnehagar) er og førte her.

Driftssentralen hadde eit overskot på kr. 52 233,- i 2022. Dette skuldast at vi hadde ein reduksjon i ei stilling, men og eit høgre forbruk andre stader.

Driftssentralen tilsette ein person på reinhald etter innflytting i nye lokale på kaia samt reinhald på ekspedisjonen . Denne personen er lønna frå fleire ansvar.

Leiar Driftssentralen
Audun Strømmen

5.11 Finansielle føremål - ansvar 900

	Rekneskap 2022	Rev. budsjett 2022	Rekneskap 2021
Inntekter	-316 864 419	-300 105 253	-276 156 407
Utgifter	32 069 853	26 717 233	19 779 580
Sum finansielle føremål	**-284 794 566**	**-273 388 020**	**-256 376 827**

Teneste 17000 årets premieavvik/17100 amortisering premieavvik tidlegare år
Etter råd frå KLP vert pensjonsutgiftene budsjettert med netto pensjonsutgifter på den einskilde eining. Ved rekneskapsavslutning blir det gjort ei avstemming mellom premieavvik, amortisering, premiefondet og den faktiske pensjonskostnaden. Premieavviket, (inkl. amortisering) og bruk av premiefondet blir då ført på ansvar 900, medan kvar einig sine pensjonskostnader ligg på einingane. Då både budsjett og rekneskap blir endra ved rekneskapsavslutning, er det ikkje råd å samanlikne med opphavleg budsjett.
«Meir inntekta» på premieavvik/amortisering og premiefond ligg på teneste 17000 med vel 1,4 mill. kr. i forhold til endeleg budsjett.

Teneste 17200-Pensjon
Jf. KOSTRA skal tilskot sikringsordninga og administrasjonstilskot til SPK kr. 101 827,- førast på teneste 17200. Budsjettet er endra tilsvarande då desse kostnadane er ein del av total utgiftsføring av pensjon.

Teneste 17300 Premiefond
Jf. KOSTRA skal bruk av premiefond (KLP) kr. 9 005 924,- førast på teneste 17300, motposten er pensjonskostnad som er fordelt på «driftsansvara» (100-670)
Premiefondet blir brukt til å betale ein del av pensjonskostnaden.
Det blir ikkje budsjettert med bruk av premiefond i opphaveleg budsjett, men blir lagt inn saman med premieavvik og amortisering ved årsavslutninga. «

Teneste 28320 Tilskot og formidlingslån til Husbanken
Som fylgje av avtale med Sparebanken Sogn og Fjordane , som forvaltar etableringslåna til Askvoll kommune, må vi betale for tenesta dei utfører. For 2022 utgjorde dette kr. 37 403,- eks mva . Tenesta var budsjettert til å gå i 0, men enda med eit meirforbruk på kr. 30 631,- Grunnen er at Askvoll kommune har betalt meir i renteutgifter til Husbanken enn lånetakarane har betalt til Askvoll kommune.

Teneste 34500/35300 Inntekter/fond vatn og avløp
Inntektene frå vatn og avløp (VA) er ført på ansvar 900.
Inntektene vart kr. 9 833 718,- mot budsjettert kr. 9 662 023,- Dette gav meirinntekter på kr. 171 695,- I tillegg vart det brukt bunde VA fond på kr. 595 659,-, her var det budsjettert bruk kr. 250 000,- Bruken fordeler seg på vatn med kr. 532 787,- og avløp kr. 62 872,-

Teneste 32000 Kommunal næringsverksemd
Utbytte vart i 2022 flytta i budsjettet frå ansvar 100 til 900 jf. Løyvingsoversikt 5-4.
Det vart ikkje utbetalt utbytte frå SFE i 2022 og budsjettert utbytte vart derfor 729 512 lågare enn budsjettert.

Teneste 80000 skatt på inntekter og formue/84000 statleg rammetilskot
Skatteinngangen vart kr. 9 581 647,- betre enn revidert budsjett og vi fekk kr. 1 467 274,- meir i rammetilskot. Samla for skatt og rammetilskot fekk Askvoll kommune kr 11 109 310,- meir i inntekt enn budsjettert. Kommunen har i budsjett og budsjettendringar i 2022 fylgt dei prognosane som kom frå KS, med unntak av siste endringa som kom etter 2. tertial.

Det vart innført eigedomskatt i 2015 noko som i 2022 gav ei inntekt på kr. 8 181 610,- dette er 60 390,- mindre enn budsjettert.
Askvoll kommune fekk utbetalt kr. 23 118 440,- frå Havbruksfondet i 2022, dette er 8 032 440,- meir enn budsjettert.

Teneste 85000 Statstilskot vedrørande flyktningar
Det er inntektsført kr. 12 919 620,- i statstilskot for 2022, dette er 3 106 620,- meir enn revidert budsjett. Opphavleg budsjett på kr. 4 713 000,- vart auka i 1 tertial med kr. 5 100 000,- p.g.a. mottak av nye flyktningar i 2022.

Teneste 87000 renter/utbytte og lån
Renteutgifter kr. 264 160,- høgare enn budsjettert.
Renteinntekter kr. 2 731,- meir enn budsjettert.
Bulandet og Værlandet Fleirbrukshall fekk utbetalt lån på kr. 2 138 831,- som forskottering av momskompensasjon. Lånet skal tilbakebetalast når dei har motteke momskompensasjon frå Lotteri- og Stiftelsestilsynet. Dette vart lagt inn i budsjettet som budsjettendring.
Vekting av minste tillatte avdrag (jf. kommuneloven §50 nr. 7) viste at Askvoll kommune skulle betale kr. 13 800 000,- i avdrag for 2021. Utgiftsført avdrag i drifta er kr. 13 812 596,- noko som er ca. lik revidert budsjett. Budsjetterte avdrag vart auke med kr. 800 000,- i forbindelse med budsjettendring i 2
tertial.
Statstilskot/investeringstilskot (rente kompensasjon) vart kr. 1 196 315,- og er om lag som budsjettert.
Teneste 87000 totalt viser eit meirforbruk på kr. 257 711,- i høve revidert budsjett.

Teneste 88000 interne finanstransaksjonar
Renteinntekter på næringsfond, viltfond og tapsfond vart ført som avsetning til bundne fond med totalt kr. 33 948,- Dette var ikkje budsjettert, men er lovpålagt.

Etter ny kommunelov gjeldande frå 2020 skal ikkje rekneskapen gjerast opp med mindreforbruk eller meirforbruk, men justerast mot disposisjonsfond
Det var i revidert budsjett for 2022 budsjettert med kr. 6 209 230,- i bruk av disposisjonsfond. Da Askvoll kommune hadde mindreforbruk vart bruk av disposisjonsfond stroke jf. strykningsreglane. Det vart i staden avsett kr. 5 411 210,- til disposisjonsfond.

Nina Haugstad
Økonomisjef

6. FINANSIELLE NØKKELTALL

Oversikta under viser nøkkeltal frå KOSTRA (KOmmune-STat-RApportering)

Nøkkeltal	Askvoll	Kostragruppe 4	Landet utan Oslo	Vestland
År	2022	2022	2022	2022
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	0,4	2	2,7	3,1
Arbeidskapital ex.premieavvik i % av brutto driftsinntekter	13,1	19,7	21,7	17,9
Netto renteeksponering i % av brutto driftsinntekter	49,7	39,2	46,7	43,3
Netto lånegjeld	87,5	72,7	91	83,1
Frie inntekter pr. innbyggar i kr.	82 173	73 252	66 868	67 726
Fri eigenkapital drift i % av brutto driftsinntekter	12,7	12,3	14,4	13,6
Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter	14,8	11,3	14	12

Måltal for Askvoll kommune for netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter er at netto driftsresultat kan vere lik 0 så lenge disposisjonsfond er mellom 8 og 12% av netto driftsresultat.



	2019	2020	2021	2022
Askvoll	10,6 %	12,6 %	12,4 %	12,7 %
Vestland	9,2 %	10,3 %	12,5 %	13,6 %
Kostragruppe 04	9,2 %	9,9 %	11,8 %	12,4 %
Landet uten Oslo	11,0 %	11,9 %	13,8 %	14,5 %

Måltal for disposisjonsfond i økonomiplan 2022-2025 % er at disposisjonsfond skal vere mellom 8 og 12% av brutto driftsinntekter.

7. LIKESTILLING – MANGFALD - DISKRIMINERING

7.1 Status og planlagde tiltak på likestilling

Nedanfor ser ein oversikt over lønsmessige forskjellar mellom kjønna og samansetning av ulike leiargrupper i forhold til kjønnsmessig fordeling. I tillegg ser ein ei oversikt på stillingsstorleik blant tilsette.

Kjønnsfordeling i leiargrupper

Leiarnivå	Tal totalt	Tal kvinner	Tal menn
Kommunedirektøren si leiargruppe (kommunal- og etatssjefar, leiar driftssentral, NAV-leiar (statleg tilsett)	10	5	5
Seksjonsleiarar helse og omsorg	4	3	1
ass. seksjonsleiarar helse og omsorg	3	2	1
Seksjonsleiarar oppvekst (rektorar/styrarar, kulturskulerektor/biblioteksjef)	12	9	3

I kommunedirektøren si leiargruppe, som består av 10 personar, viser oversikta at det er like mange kvinner som menn. På seksjonsleiar- og ass. seksjonsleiarnivå innan helse og omsorg er flest kvinner, medan det innan oppvekstsektoren er ei markant skeivfordeling mellom tal kvinner og menn.

Sjølv om kommunen har som grunnleggande målsetting å skape ei meir jamn fordeling av kvinner og menn i dei ulike leiargruppene ved framtidige rekrutteringar, syner søkjarmassen eit sterkt trendbilete når det gjeld interessefelta til kjønna. Tilsetting skjer alltid basert på søkjaren sin kvalifikasjon og personleg skikkaheit.

Lønsnivå i leiargruppene (gjennomsnitt grunnløn)

Leiarnivå	Gj.snitt løn totalt	Gj.snitt løn kvinner	Gj.snitt løn menn
Kommunedirektøren (inkl. i berekninga) si leiargruppe (kommunal- og etatssjefar, leiar driftssentral, NAV leiar (statleg tilsett, ikkje medrekna i berekninga))	841 097 (9 personar)	853 185 (4 personar)	831 426 (5 personar)85
Seksjonsleiarar helse og omsorg	745 250	733 667	780 000
ass. seksjonsleiarar helse og omsorg	656 640	656 640	656 640
Seksjonsleiarar oppvekst (rektorar/ass. rektor/styrarar, kulturskulerektor/biblioteksjef)	687 332	706 027	634 245

Kommunedirektøren si leiargruppe består av kommunedirektøren, assisterande kommunedirektør/HR-sjef, to kommunalsjefar, fire etatsleiarar, ein NAV leiar (statleg tilsett) og ein driftsleiar.

Frå og med 2021 vart alle leiarar med personal- og budsjettansvar plassert i kapittel 3.

Lønsnivå ser då slik ut:
• 19 kvinner med gjennomsnittleg stillingsprosent på 100% og ei gjennomsnittsløn på kr. 737 380,-
• 10 menn med gjennomsnittleg stillingsprosent 100% og ei gjennomsnittsløn på kr. 725 578,-

Stillingsstorleik i gjennomsnitt for alle tilsette (ikkje årsverk) i Askvoll kommune

Totalt%	Kvinner%	Menn%	Differanse%
73,2	77,4	60,9	16,5

Kommunen arbeidar med likestilling mellom kjønna på arbeidsplassen gjennom den praktiske gjennomføringa av lønspolitikken. Vi har fokus på skeivheit i stillingsandel mellom kvinner og menn og arbeidar aktivt med å redusere uønskt deltid. Likevel er det store utfordringar i personlege preferansar hjå dei tilsette, som medfører «uønskt deltid» trass i at arbeidsgjevar har tilbydd auke i stilling.

7.2 Mangfald og diskriminering

For Askvoll kommune betyr likestilling, mangfald, diskriminering og inkludering at alle, uavhengig av kjønn, etnisitet, religion og livssyn, funksjonsevne og seksuell orientering opplever likeverd, har like mogelegheiter og rettigheiter og opplever tilgjengelegheit og tilrettelegging.

Vi er ei inkluderande arbeidslivsbedrift, og har ei aktiv haldning til å la menneske som står utanfor arbeidsmarknaden få prøve seg i ulike arbeidsoppgåver hjå oss. Vi har difor eit tett samarbeid med NAV for å gje personar mogelegheit til arbeidsutprøving og arbeidstrening innan ulike fagområde.

7.3 Internkontroll og etikk

Rutinar for internkontroll

I 2019 kom ny kommunelov og nye krav til internkontroll, som tydeleggjer kommunedirektøren sitt ansvar for internkontrollen, og innhald og omfang av denne.
I Askvoll kommune sin internkontroll inngår plan- og styringssystemet, årshjulet, planverket, tertialrapportar, årsmelding og årsrapport. I slutten av 2022 vart det sett i gang ein prosess der 9 kommunar i det interkommunale IKT-samarbeidet SySIKT gjekk ut på anbod med tanke på innkjøp av nytt internkontroll-, kvalitets- og avvikssystem. Fram til det nye er på plass vert framleis kvalitetssystemet Risk Manager. Eit nytt internkontroll-, kvalitets- og avvikssystem skal betre funksjonalitetar og betre mogelegheit for å melde avvik og forbetringar. Slike system inneheld faglege prosedyrar og ulike reglement innanfor personalforvaltning og arbeidsgjevarområdet, delegeringsreglementet og etiske retningsliner.

Ein viktig dimensjon i internkontrollen i Askvoll kommune er arbeid med dei grunnleggande verdiane og etisk standard. Det er gjennom forståing av dette grunnlaget at mekanismane for å forstå dei skrivne reglar og retningsliner vert etablert. Denne forståinga gjev igjen grunnlag for ei åtferd som er i tråd med etiske standardar og god forvaltningsskikk. Askvoll kommune sine etiske retningsliner er nedfelt i kap2 i kommunen si personalhandbok.

Kommunen har faste etablerte rapporteringsrutinar til kommunestyret for den økonomiske utviklinga gjennom året.
Det vert og jobba systematisk med risiko- og sårbarheitsanalyser knytt til ulike prosessar og fagsystem i organisasjonen.

Handtering av avvik
Askvoll kommune nyttar Risk Manager, inntil nytt fagsystem er på plass, for både å dokumentere interne rutinar og prosedyrar, samt til å varsle avvik og forbetringsmeldingar internt. Dette går føre seg i ein kontinuerleg prosess, der og Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er eit aktivt kontrollorgan på arbeidsmiljøområdet. Praksis for å melde avvik har erfaringsmessig vore best innanfor helse og omsorg, men einingane innanfor oppvekst og andre etatar forbetrar seg langsamt frå år til år. Likevel vert det meldt altfor få avvik basert på erfaring om at avvik skjer dagleg.

Praksis for å melde forbetringar er lite utvikla i heile organisasjonen, noko som viser at vi framleis har meir fokus på å «reparere» avvik enn å førebygge gjennom forbetringsmeldingar. Vi har eit mål om å vidareutvikle forbetringskulturen i heile organisasjonen, medrekna å få endå betre struktur og ei meir systematisk arbeidsform på handtering av avvik og forbetringsmeldingar.

8. MÅLOPPNÅING

Kommunebarometeret
Kommunebarometeret er ei måling som vert publisert av Kommunal Rapport kvart år. Her vert kommunen rangert etter 151 nøkkeltal, innan 12 ulike sektorar.
Kommunebarometeret er ikkje ein fasit på kommunal drift, og mellom anna feil i rapporteringane og kva nøkkeltal som er fokusert på har mykje å seie. Men- det gjer eit bilete på korleis drifta er, samanlikna med andre kommunar og med likt grunnlag.
Askvoll kjem på 230. plass i 2022, ned ti plassar frå året før. Tala er då justert for økonomiske råmar. Viss vi ser på nøkkeltal utan å korrigere for økonomiske føresetnadar, er kommunen på ein 261. plass.

Kategori	*Årets endring*	*Rangering*
Grunnskule	23 ↘	127
Pleie og omsorg	4 ↘	214
Barnevern	43 ↘	316
Barnehage	35 ↘	251
Helse	74 ↘	80
Sosialteneste	131 ↗	202
Kultur	35 ↗	287
Miljø og ressursar	61 ↘	287
Sakshandsaming	17 ↗	256
Vatn og avløp	69 ↗	269
Økonomi	27 ↗	225
Kostnadsnivå	10 ↗	216

Situasjonen er om lag lik frå 2021, med fem sektorar med lågare rangering og seks med høgare. Nærare om måloppnåing i dei forskjellige sektorane vert lagt fram i årsrapporten.

Kommuneplan sin samfunnsdel
Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringssystem, og består på den eine sida av ein samfunnsdel med handlingsplan, og på den andre sida av ein arealdel.
Kommuneplanen vert omsett i meir detaljerte planar, viktigast av desse er økonomiplanen som inneheld overordna målsettingar, økonomiplan og årsbudsjett.
Askvoll kommune sin samfunnsdel er frå 2011, med visjonen «Livskvalitet og vekst med rom for eventyr». Den er gjeldande frå 2011-22, ny samfunnsdel er lagt på høyring i 2023.
Hovudmåla i samfunnsdelen er:

- Vi vil at kommunen skal vere eit berekraftig og nyskapande samfunn som er attraktivt for menneske, næringsliv og ulike samarbeidspartar, med utgangspunkt i kvalitet og vår eigenart
